


Nr. 3 - juni 2023

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



# GUDSTENESTER

## 25. juni

Stemmevatnet på Solheim kl. 11:00  
Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og  
Boris Kuprijanov  
Flott turveg. Mogleg å køyre nesten heilt fram  
ved behov.  
Takkoffer til KFUK-KFUM Norge  
Kyrkjekaffi  
(Kan bli flytta til Solheim kyrkje ved dårleg vær)

## 2. juli

Sandnes kyrkje kl.11:00  
Sommargudsteneste v/Torbjørn Sæle og  
Boris Kuprijanov  
Nattverd. Kyrkjekaffi

## 9. juli

Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Sommargudsteneste v/Torbjørn Sæle og  
Boris Kuprijanov  
Nattverd. Kyrkjekaffi

## 29. juli

Fjon Fjellkyrkje kl. 18:00  
Olsokgudsteneste v/ Bjørn Magne Hansen og  
Ingrid Helene Raunehaug  
Etter gudstenesta blir det olsokfeiring med mat,  
åresal og litt program

## 20. august

Stordalen Fjellstove kl. 15:15, i samband med  
Bjørn West-marsjen  
Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle.  
Musikk ved Rune Alver

## 27. august

Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Solheim kyrkje kl. 13:15  
Sandnes kyrkje kl. 16:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle,  
Ingrid Helene Raunehaug,  
Tina Meland Corneliussen og Boris Kuprijanov  
Konfirmantpresentasjon  
og utdeling av bok til 6-åringane  
Kyrkjekaffi

## 10. september

Dagsturhytta Fjordblikk  
Søndagstur til dagsturhytta i Grøttneset, Kvingo  
Andakt v/Torbjørn Sæle og litt program  
Oppmøte ved Bakken turparkering kl. 11  
Ta gjerne med niste  
Ved dårleg vær, blir det samling i Granneheimen i  
staden for, sjå nettsida.

## 17. september

Solheim kyrkje kl. 19:00  
Song og musikk-kveld  
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og Eli Eidsnes  
m.fl. Fellessong og songinnslag

## 24. september

Sandnes kyrkje kl.11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov  
50 års-konfirmantar. Hausttakkefest  
Nattverd. Kyrkjekaffi

Takkofferlista for 2.halvår var ikkje klar då  
Masfjordingen gjekk i trykken  
Det kan kome endringar.  
Oppdatert informasjon om gudstenestene i  
Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:  
[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)

# DØDSFALL

19.03.23 Ingebjørg Reknes f. 1949  
24.03.23 Margit Andvik f. 1935  
30.04.23 Hildur Torunn Daae f. 1949

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på  
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur  
på meg, skal i all æva ikkje døy.*

**Fjon Fjellkyrkje og  
Ungdomssenter**



## Olsokfeiring 2023

Mo sokn og Fjon fjellkyrkje inviterer til olsokfeiring

**Fjon Fjellkyrkje laurdag  
29.juli 2023 kl.18.00.**

- Gudsteneste v/Bjørn Magne Hansen
- Sal av rømmegraut/kaffimat
- Åresal
- Litt program

Velkommen



Foto framside: Laila Furebotn

# SOMMARGUDSTENESTER I KYRKJE OG FRILUFT

Gjennom sommarmånadane vert det både friluftsgudstenester, olsokstemne og nokre sommargudstenester.

Søndag 25. juni kl. 11 er det klart for friluftsgudsteneste ved Stemmevatnet på Solheim. Her er det svært enkel tilkomst, kort å gå og eit flott område å samlast i ved enden av vatnet, der det også er råd å søkja ly i gapahuken. Skulle veret verta veldig dårleg, vert gudstenesta flytta til Solheim kyrkje. Sjekk nettsida til kyrkja om du er i tvil på kvar du skal møta opp.

Tradisjonen tru vert det også gudsteneste ved Stordalen fjellstove som ein del av programmet i samband med Bjørn Westmarsjen. Denne gudstenesta er 20. august kl. 15.15, og det er pianist Rune Alver står for tonefølgje på den gudstenesta.

I september er det planlagt søndagstur til Dagsturhytta i Grøttneset med andakt og litt program som eit alternativ til ei vanleg gudsteneste på Sørsida. Vi startar med felles oppmøte på turparkeringen på Bakken kl. 11.

Laurdag 29. juli er det som vanleg olsokstemne på Fjon fjellkyrkje. Olsok er i år på ein laurdag og samlinga startar med



gudstenesta kl. 18 ved Solund-prest Bjørn Magne Hansen og pianist Ingrid Helene Raunehaug.

I løpet av sommarmånadane og i samband med ferieavvikling er det færre gudstenester enn elles i året. Oversikta finn du i gudstenestelista og i kalenderen på nettsida. Ein del er nok også på reise andre stader i løpet av sommaren. I tillegg til å ta ein kikk på sommarplakaten for gudstenestene i heile Nordhordland, er det lurt bruka nettsida [www.skjerikyrkja.no](http://www.skjerikyrkja.no) for å sjå kva som skjer i kyrkja der du er. På denne sida finn du mange ulike arrangement, både gudstenester og konsertar, rundt om i landet.

God sommar og velkommen til gudstenester – både i kyrkje og friluft!

Tekst og foto: Torbjørn Sæle, sokneprest

## DIGITALE INNSLAG FRÅ KYRKJA I MASFJORDEN

No nærmar det seg sommarferie, og i desse vekene er det ikkje like mykje som skjer i kyrkjene våre som elles i året. Dermed ynskjer me i staben å kunne skape ein kontakt med dykk, slik at dei som vil kan få høyre om Gud, Jesus og kyrkja.

Det er allereie planlagt nokre sommargudstenester, friluftsgudsteneste, olsokgudsteneste, som kjem til å verte gjennomført slik det står i kalenderen og gudstenestelista. Utanom det ynskjer me i kyrkja i Masfjorden å legge ut digitale

innslag på nettsida og facebook-sida vår. Det kan verte ein kort video eller tekst som innhald ein andakt, dikt, song og musikk eller forteljingar. Du finn det på kyrkja si nettside: [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no) under Nyhende og aktuelle saker og delt på facebook-sida til Kyrkja i Masfjorden, så då er det berre å følgje med.

Staben i Kyrkja i Masfjorden vil ynskje alle ein fin og god sommar!

Tekst: Tina Meland Corneliussen



# BARNAS

## Finn 10 fiskar


I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.


## Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar



## Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



## Finn fem feil!

Her får disiplane masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti



Søndagsskolen - mer enn du tror

# GØY PÅ BASAR



Onsdag 3.mai inviterte Sandnes barneforeining til basar i kommunestyresalen.

Både store og små hadde funne vegen dit, og me fekk servert hot-dog, påsmurte rundstykke og gode kaker. Eldbjørg leia oss gjennom nokre av songane dei brukte på foreininga og på besøk kom Knut Sørheim som fortalte om Thailand og misjonsarbeidet der. Han kunne òg fortelja at han sjølv sagt hugsa godt når denne foreininga hadde møta sine i prestegarden, og at NMS si barneforeining på Sandnes hadde eksistert i over 40 år.

Eg var så heldig å få sitja til bords med både nokre av borna som har vore med i foreininga, og foreldre og besteforeldra deira. Så her var generasjonane samla. Jentene fortalde at dei hadde det kjekt på foreining, og at dei hadde laga nokre av tinga som no skulle loddast ut.

Og både åresalet og loddbokalet gjekk unna. Kommentaraner som «berre eit nummer i frå» og «den har eg lyst å vinne» kom også her, nett som på basarane då eg var lita foreiningsjente. Og no som då, var det ekstra stas for borna å få dele ut gevinstar til dei heldige vinnarane. I tillegg til loddbokalet på førehand, vart det denne ettermiddagen samla inn totalt 22.500 kroner som er sendt Det Norske Misjonsselskap, og går til arbeidet deira i Thailand.

Sandnes barneforeining har vore samla i kyrkjelydsalen i Sandnes kyrkje på onsdagane kl. 16-17:15, ein til to gongar i månaden. Det er Ellen Andvik og Eldbjørg Mjanger som er «primus motor» for foreininga og born frå 4 år og oppover kan vere med. På foreiningsmøta jobbar dei med hobbyarbeid, i tillegg til å høyre ei bibelforteljing og synge litt saman.



*Leiarane Eldbjørg og Ellen*

Og som alle gode foreiningar har også denne ei lita matøkt saman. No har dei tatt sommarferie, men i løpet av september startar dei opp att.

Tekst og foto: Eli Eidsnes



## DEN GRØNE JORD

jorda skal bli grøn  
var orda hans ei bøn  
vår skapar god  
let nytt liv gro  
men korleis skal det gå  
om ikkje vi tek vare på  
det som er flott  
og steller godt  
med vår natur  
rundt der vi bur  
her mellom bakkar fjell og fjord  
finst grønne enger på vår jord  
til å kvila veksa i  
må skaparverket framleis gi  
glede og velsigning stor  
i verda og her nord

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

# KVINNA VED BRØNNEN

Viss nokon kjem til meg, og spør: «Du, prest: Eg lurar litt på dette med å tru, men får ikkje heilt tak i kva det går i. Har du eit bra bibelvers til meg?» Eller viss nokon spør: «Kva forteljing i Bibelen betyr mest for deg?» Svaret er det same på begge spørsmåla: Forteljinga om kvinna ved brønnen som møtte Jesus. Den står i Johannesevangeliet kapittel 4.

«Der var Jakobskjelda. Jesus var sliten etter reisa og sette seg ned attmed kjelda.» Jesus - sliten!? Han er jo Gud – han kan ikkje vere sliten – for det er jo menneska som er slitne – ikkje Gud! Det gjorde inntrykk på meg som ein 14-årig konfirmant, som strevde med å finne ut av livet, å oppdage at jo, Jesus kunne vere sliten. Akkurat som meg.



«Det var omkring den sjette timen. Då kjem det ei samaritansk kvinne og vil henta vatn. Jesus seier til henne: Gjev meg noko å drikka.» I den sjette timen - midt på dagen. Då sola brann som verst, og dei fleste søkte skugge og

kvile. Men ikkje den samaritanske kvinna. Ho hadde laga seg ein vane med å gå sitt daglege ærend til brønnen då ho kjende seg mest mogeleg trygg på at ho ikkje ville møte andre. Og i alle fall ikkje ein jødisk mann, som Jesus.

«Gjev meg noko å drikka», seier Jesus til kvinna. Upassande spørsmål. Ein forfattar har sagt: Menneske er nysgjerrige på Jesus ikkje først og fremst for det han seier, men for kva han spør dei om. Jesus inviterer kvinna til å vere med på hans lag, ved å dele ut ei oppgåve og verte ein del av Jesus sitt store oppdrag. Men kvinna kontrar: «Korleis har det seg», seier kvinna, at du som er jøde, bed meg, ei samaritansk kvinne, om drikke? For jødar held seg ikkje saman med samaritanar. Jesus svara: «Om du hadde kjent Guds gåve og visst kven det er som bed deg om drikke, så hadde du bede han, og han hadde gjeve deg levande vatn.»

Kvinna begynner å ane at det er ikkje ein kven som helst jøde ho no snakkar med. Denne underlege samtalen mellom dei to går vidare, og kvinna seier: «Herre, gjev meg det vatnet, så eg ikkje blir tørst meir og ikkje treng koma hit og henta opp vatn. Då sa Jesus til henne: «Gå og hent mannen din og kom tilbake hit.» «Eg har ingen mann», svara kvinna. «Du har rett når du seier at du ikkje har nokon mann», sa Jesus. «For du har hatt fem menn, og han du no har, er ikkje din mann. Det er sant, det du sa.»

Uansett smått eller stort – å snakke sant om livet er frigjerande. For vi har alle eit liv med skrammer og riper vi ikkje er stolte av, og helst vil at andre ikkje skal sjå. Det rette for Jesus etter dåtidas kultur ville vere å gå bort frå kvinna. Han gjer ikkje det. Han vert verande. Og kvinna vert meir og meir forundra og frimodig. Hennar nyvunne fridom får ho til også å snakke om den skjulte trua si. Ho vert ivrig, ja nærmast begynner å forelese for Jesus: «Eg veit at Messias kjem!» – Messias er det same som Kristus – «og når han kjem, skal han fortelja oss alt.»

Og Jesus seier til henne: «Det er eg, eg som snakkar med deg.»

Og han går ingen stad. Han vert verande. Hos henne. Hos deg. Hos meg.

Dette er Jesus sin misjon: At vi alle skal kjenne seg sett, avslørt og elska.

Dette er kjærleiken som er sterkare enn døden. Som vi alle kan ta imot. Og som vi kan dele.

Av Helge Taranrød, prost i Nordhordland  
Foto: Dreamstime.com

---

# KONFIRMANTAR 2023



## Konfirmasjon i Frøyset kyrkje 30. april:

Frå venstre: Sokneprest Torbjørn Sæle, Troy Sleire-Ulvatn, David Kolle Andvik, Olai Haveland Molland, Isak Birkeland Haugland, Siri Areklett, Henriette Søvik, Synnøve Torsvik Størkersen, Clara Brandt og Mathilde Krokås Birkeland.

Foto: Hildegunn Ulvatn.



## Konfirmasjon i Solheim kyrkje 14. mai

Sokneprest Torbjørn Sæle, Johannes Vågset Oppedal  
Anastasia Jåstad og  
konfirmantarbeidar Ingrid Helene Raunehaug.

Foto: Bente Kvamsdal Håvåg.



## Konfirmasjon i Sandnes kyrkje 6. mai

Trusopplærar  
Tina Meland Corneliusen,  
Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt og  
sokneprest Torbjørn Sæle.

Foto: Margrete Nordland

# KONFIRMANTFEST

Onsdag 24. mai fekk konfirmantane med føresette kome på fest i Fjon fjellkyrkje.

Som markering for deira avslutning på eit innhaldsrikt konfirmantår, så inviterte soknerådet til festmåltid og ein kjekk kveld saman. Det var tydeleg at dei unge kjenner seg heime på Fjon, etter to gode leirar på denne staden. Så der troppa dei opp i finaste stas og saman kunne vi mimre og få takke for konfirmant-tida. Det vart både leik, helsing frå sokneråd, song og musikk ved konfirmantarbeidar Ingrid Helene. Gjennom året har dei også fått lære Torbjørn godt å kjenne, så litt vemod er det jo også når ein formelt avsluttar eit slikt år i lag. Men håpet er at desse unge stadig kan få finne sin veg til kyrkja si, og kjenne at det er viktig og godt også seinare.

Samlinga vart avslutta med songen «Christ, be our light», ein gjengangar som dei kjenner godt etterkvart.

No ventar snart eit nytt konfirmantkull på sin tur! Spennande!



Tekst: Ingrid Helene Raunehaug, konfirmantarbeidar  
Foto: Eli Eidsnes

## KONFIRMANT 2024?

**Årets konfirmasjonar er over, og det er tid for å ønskja eit nytt konfirmantkull velkomen!**

Neste vår er det dei som er fødde i 2009 som kan feira konfirmasjon i Sandnes, Solheim eller Frøyset kyrkje! Påmeldinga er no open og skjer via nettsida [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no). Der finst også informasjonsbrosjyre og meir om konfirmantåret.

Konfirmasjonstida handlar om å få tid til å undre seg, utforske og erfare meir av kva den kristne trua er. I ei spennande tid av livet vil ungdomane i konfirmanttida få læra meir om den treeinige Gud og seg sjølv i fellesskap med andre.

Konfirmantarbeidar Ingrid Helene Raunehaug vil saman med sokneprest Torbjørn Sæle leia konfirmantabeidet det komande året.

Dei nye konfirmantane vert presenterte for kyrkjelyden i «si» lokale kyrkje søndag 27.august. Då er alle velkomen til gudsteneste i Frøyset kyrkje kl. 11.00, Solheim kyrkje kl. 13.15 og Sandnes kyrkje kl. 16.00.

Til alle nye konfirmantar: Velkomen til eit spennande konfirmantår!

Til alle de andre: Ta godt imot konfirmantane når du møter på dei. Og ta dei gjerne med i bøn om dette er naturleg for deg.

Tekst: Torbjørn Sæle

# PINSEFEIRING I KYRKJENE

Årets pinsehelig vart feira med gudstenester i Solheim kyrkje og ei planlagt friluftsgudsteneste som søkte ly i kyrkjelydssalen.

Pinse vert feira 50 dagar etter påske og 10 dagar etter Krist himmelferd. Sjølv ordet «pinse» kjem av det greske ordet «pentakoste» som tyder den femtiande. Opphavelig var pinsa ein jødisk fest som markerte avslutninga på påska og at Moses fekk dei ti boda på Sinai-fjellet. I Apostelgjerningane kapittel 2 kan vi lesa om korleis Den heilage ande kjem over apostlane som var samla på pinsedagen. Dette vart grunnlaget for den kristne pinsefeiringa.

1. pinsedag var det i år gudsteneste i Solheim kyrkje. Evangelieteksten handla om då Jesus pusta på læresveinane sine og dei fekk ta imot Den heilage Ande på påskedagen før den vart gjort tilgjengeleg for alle menneske på pinsedagen. Med god hjelp av forsongarar på galleriet vart det sunge både kjente og mindre kjente vår- og pinsesalmar. Og venta kaffi og kake på kyrkjekaffien.



Då vêrmeldingane varsla ein god del nedbør, var det fint å flytta friluftsgudstenesta inn i kyrkjelydsalen på Frøyset 2. pinsedag. Ei flott gruppe frå Nordbygda skulekorps stod for musikk og tonefølgje på det som vel nærmast kan kallast ei korpsgudsteneste. I fleire år har det vore tradisjon for å servera sveler på kyrkjekaffien på Reknesskjerjane. Og sjølv om det ikkje vart friluftsgudsteneste, så var svelene på plass.

«Som vinden stryk om mine kinn» er ein av pinsesalmane som vart sunge begge pinsedagane og oppsummerer noko av den sentrale pinsebodskapen. Her er første verset:

*Som vinden stryk om mine kinn,  
slik er han, Heilagandens vind.  
Han strøymer om meg, alltid nær,  
han hjelper meg å leve her.»*

(Norsk salmebok nr. 521)

Tekst: Torbjørn Sæle  
Foto: Annbjørg Ynnesdal

## UTDELING AV 6-ÅRSBOK I AUGUST

Er du eller vert du 6 år i løpet av 2023, då må du sjå hit! 27. august kjem det til å vera ei familiegudsteneste i kvar kyrkje i Masfjorden. Dette er eit nytt trusopplæringstiltak i Masfjorden som er lagt til tida rundt skulestart, og alle som er 6 år eller blir 6 år i 2023 er velkommen. På denne gudstenesta så får du nemleg di heilt eiga 6-årsbok, som ei gåve frå kyrkja.

Dato og klokkesletta for dei ulike kyrkjene:

**Frøyset kyrkje – 27. august, kl. 11:00**  
**Solheim kyrkje – 27. august, kl. 13:15**  
**Sandnes kyrkje – 27. august, kl. 16:00**

Det blir sendt ut invitasjonar i byrjinga av august, til dei døypte som er i aldersgruppa. Det er berre å invitere med seg familie, venner og naboar til ei triveleg gudsteneste i kyrkja. Velkomen!

Tekst: Tina Meland Corneliussen, trusopplærar

---

# SONG OG BURSDAG I SANDNES KYRKJE

Ei veke etter pinse inviterte kyrkja i Masfjorden til sommarsong og kyrkjebursdag i Sandnes kyrkje. Kyrkjelyden samla seg for å syngja songar, og for å høyre andre bidra. Etter songstunda vart der servert kaffi og kaker, og det var aktivitetar for store og små.

Songstunda var fylt med allsong, og songinnslag. Clara, Anke og Alf er ein musikalsk familie, og song to songar for oss som dei og spelte til på gitar og mandolin. Boris spelte på flygelet, og orgel, medan Siri spelte på hardingfele og trompet. Tusen takk for at de stilte opp, og var med på å lage flott musikk. I allsongen var det salmar som handla om pinse, sommar, og det var også nokre barnesalmar med bevegelser.



Dagens tekst var dåps- og misjonsbefalinga i Matt 28, 16-20 og Eli song og heldt ein appell rundt temaet misjon. Om at me ofte kan tenkje at ein sjølv ikkje kan vera med på å spreie ordet om Gud, men me kan faktisk det. Ho fortalte at me kan søkje Gud, og at han kan vera med på å hjelpe oss til å sjå kvar me kan bruka vår kunnskap og erfaring. Og ikkje minst at Jesus lova å være med oss alle dagar så lenge verda står.

Under songstunda var det også litt forteljing om pinse, gjennom den gode gamle flanellografen. Her blei det fortalt at pinsa var med på å gjera at fleire folk fekk vita om Gud, og at Gud er nær oss gjennom Den Heilage Ande.

Når det er pinse, så seier me ofte at kyrkje har bursdag. Det var ikkje sjølv kyrkjebygninga som fylte år. Men me feirar at Den Heilage Ande kom til oss, og at alle kan få vera Guds born. Dette ville vi feire, så etter songstunda så vart det ei lita bursdagsfeiring inne i kyrkjelydsalen. Som mange andre bursdags- feiringar, så var det kake, saft, kaffi, ballongar og bursdagshattar. Det var også quiz, med spørsmål om blant anna pinsa, og om songane me hadde sunge.

Tekst: Tina Meland Corneliussen  
Foto: Eli Eidsnes

# Sommarkyrkja i Nordhordland prosti 2023

## Austrheim

13.08 Fomesdagen kl.16  
Frluftsgudsteneste  
27.08 Austrheim kl.11:00

## Fedje

02.07 Fedje kl.12:00  
Utegudsteneste,  
Fiskefestival  
13.08 Fedje kl.11:00  
27.08 Fedje kl.16:30

## Gulen

25.06 Mjømna kl.11:00  
25.06 Brekke kl.16:00  
02.07 Gulen kl.11:00  
30.07 Mjømna kl.11:00  
13.08 Gulen kl.11:00  
13.08 Mjømna kl.16:00  
20.08 Brekke kl.11:00

## Knarvik

18.06 Knarvik kl.11:00  
25.06 Alversund kl.11:00  
02.07 Knarvik kl.11:00  
09.07 Seim kl.11:00  
16.07 Knarvik kl.11:00  
23.07 Knarvik kl.11:00  
30.07 Alversund kl.11:00  
06.08 Knarvik kl.11:00  
13.08 Seim kl.11:00  
20.08 Knarvik kl.11:00  
27.08 Alversund kl.11:00  
27.08 Knarvik kl.18:00  
Solidaritetsgudsteneste

## Lindås

25.06 Kapellet på  
Lindåstunet kl.11:00  
16.07 Myking kl.11:00  
06.08 Hundvin kl.11:00  
20.08 Lindås kl.11:00  
27.08 Myking kl.11:00

## Masfjorden

25.06 Sternmevatnet  
kl.11:00 Frluftsgudsteneste  
02.07 Sandnes kl.11:00  
09.07 Frøyset kl.11:00  
29.07 Fjon Fjellkyrkje  
kl.18:00 Olsokgudsteneste  
20.08 Stordalen fjellstove  
kl.15:15 Frluftsgudsteneste  
27.08 Frøyset kl.11:00  
27.08 Solheim kl.13:15  
27.08 Sandnes kl.16:00

## Meland

18.06 Meland kl.11:00  
25.06 Meland kl.11:00  
02.07 Meland kl.11:00  
09.07 Meland kl.11:00  
16.07 Meland kl.11:00  
23.07 Meland kl.11:00  
30.07 Meland kl.11:00  
06.08 Meland kl.11:00  
13.08 Meland kl.11:00  
20.08 Meland kl.11:00  
Løvegjenggudst.  
27.08 Holmeknappen  
kl.11:00 Frluftsgudsteneste

## Mo

18.06 Mo kl.19:00  
23.07 Mo kl.11:00  
13.08 Mo kl.11:00

## Osterfjorden

25.06 Ostereidet kl.11:00  
09.07 Ostereidet kl.11:00  
30.07 Ostereidet kl.11:00  
20.08 Ostereidet kl.11:00  
27.08 Vike kl.11:00  
27.08 Hjelmås kl.16:00

## Radøy

18.06 Tjorehagen kl.11:00  
25.06 Manger kl.11:00  
02.07 Emigrantkyrkja  
kl.11:00  
30.07 Manger kl.11:00  
06.08 Hordabø kl.11:00  
13.08 Manger kl.11:00  
20.08 Sæbo kl.11:00  
27.08 Manger kl.11:00

## Solund

18.06 Hersvik kl.12:00  
25.06 Solund kl.11:00  
23.07 Indrevær bedehus  
kl.13:00  
30.07 Solund kl.16  
06.08 Hersvik kl.11:00  
13.08 Solund kl.11:00  
20.08 Husøy kl.12:00  
27.08 Solund kl.11:00

## Open kyrkje

**Austrheim:** Torsdag – søndag kl. 14.00 – 18.00 i juli  
**Fedje:** Dagtid kvar dag i skulen sin sommarferie.  
**Gulen:** Heile juli, alle dagar frå kl. 10-18.

## Olsokfeiring

### Fjon Fjellkyrkje

Laurdag 29. juli kl. 18. Gudsteneste v/ Bjørn Magne Hansen, sal av rømmegrøt/kaffimat, åresal, litt program.

## Konsertar

**15. juni Manger kyrkjekontor kl. 18:** Fellessong på Raste-plassen: «Syng sommaren saman»

**18. juni Manger kyrkje kl. 18:** «Sukkertøyfeens Dans.» CD-slepp med musikk for 4-hendig klaver. Rune Alver, Inger Johanne Ektvedt & lokale talentar.

**18. juni Lygra kyrkje kl. 18:** Midtsommarkonsert "SOM EI ROSE ..." Vakker song og musikk for den lyse årstida. MEDVIRKANDE: Kjersti Møllerup Wiik, sopran/ dirigent, Laila Kolve, fløyter, Vidar Eldholm, tangentar, Damekoret "KVENDE" m.fl.

**25. juni Knarvik kyrkje kl. 19:** Gitarist Bjørn Schille og organist/pianist André Eide inviterer til orgel, gitar og flygelkonsert.

**2. juli Mo kyrkje kl. 13:** Konsert med Vossagospel.

**15. juli Gulen kyrkje kl. 19:** Peter T. Jobbø m.fl.

**6. august Gulen kyrkje kl. 19:** Amalie Duesund og Rune Alver.

**12. august Austrheim kyrkje kl. 18:** Pianokonsert v/Rune Alver og Amalie Duesund. «Sommarkveld i kyrkjæ». Sommarleg program med mange kjente melodiar og musikkstykke.

**28. august Solund kyrkje kl. 17:30:** Konsert med Bjørn Tomren.

## Solidaritetsgudsteneste

**27. august Knarvik kyrkje kl. 18** v/ Helge Taranrød. Rune Soltvedt, tidlegare sportssjef i Brann, vert intervjuva av Ole Hagesæther. I samarbeid m/ Knarvikmila.



DEN NORSKE KYRKJA



[www.skjerikyrkja.no](http://www.skjerikyrkja.no)

Her finn du oversikt over kyrkjelege arrangement i heile landet. Slik kan du halde deg oppdatert på kva som skjer i kyrkjelyden der du bur eller der du er på ferie.

# TAKK FOR GÅVER TIL KYRKJA

I Sandnes kyrkje har me sakna enkle lette bord til å bruka ved nattverd i kyrkja. Eg vart difor svært glad når Arne Toralf Mjanger lova å lage slike bord til oss. No er dei to handlaga borda på plass i kyrkja. Materialet han har brukt er frå eit bøketre som stod i den gamle prestegarden, så det synest me er ekstra kjekt.

Borda har Toralf gjeve i gåve til kyrkja, og me er svært takksame for dette. Dei vart første gong teke i bruk på gudstenesta 1. påskedag.

I mai var eg så frimodig at eg på kyrkja si facebook-side spurte om nokon hadde ei «skipsklokke» som dei ville donere eller selja til kyrkja. Ei slik klokke har vore på sokneprest Torbjørn si ynskeliste ei stund, då det vil vere flott å ha med ei slik når han er ute på friluftsgudstenester.

Då eg kom på kontoret nokre dagar seinare fekk eg levert ei slik klokke, og fekk vite at denne var donert til kyrkja av Svein Tore Borge. Dette var flott gjort, og me vil også takke Svein Tore for den nyttige gåva han har gjeve kyrkja i Masfjorden. Klokka vart teken i bruk 2. pinsedag og det vil de nok høyre ved ein del av friluftsgudstenestene framover.



Tekst: kyrkjeverje Eli Eidsnes  
Foto: Torbjørn Sæle



En ferie å  
glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

**Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.**

Gi din gave på **vipps 13130**



 **Blå Kors**

---

# DI STEMME TEL I KYRKJEVALET

**Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.**

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

## **Korleis vil du at kyrkja skal vere?**

Ved kyrkjevalet 11. september har du høve til å påverke.

På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

**Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan òg førehandsstemme fysisk til 8. september.**

Dette kan du gjere på desse plassane:

- Kommunehuset på Masfjordnes i perioden 10.august -8.september, kl. 9-15 alle kvardagar.
- Rett etter gudstenestene i alle kyrkjene 27.august. Frøysset kl. 12-13, Solheim kl. 14:15-15:15 og Sandnes kl. 17-18
- Biblioteket på Matre 31.august kl.13-20.
- Masfjorden sjukeheim 5.september kl. 10-12 og biblioteket på Hosteland same dag kl. 13-19.

## **To val**

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatane til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

**Til soknerådsvalet i Masfjorden** har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatane til soknerådet og leie kyrkja i Masfjorden dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatane ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Til soknerådet skal det veljast ti faste medlemmar og fem varamedlemmer.

**I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet** er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen.

Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja.

Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på ei liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja.

I Bjørgvin bispedøme stiller Bønnelista, Frimodig kirke, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje lister.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatane.

Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no. Der finn du og meir informasjon om kandidatane.

Godt val!

Visste du at...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer bli stemde inn i kyrkjevalet 2023.

# KYRKJEVALET

## Kyrkjevalet 2023

### Kunngjering av endelege vallister til sokneråd

Kunngjering av endelege vallister til sokneråd

Med dette kunngjer Masfjorden sokn i Den norske kyrkja følgjande kandidatlar til soknerådsval 11.september på Nominasjonskomiteen si liste.

Les meir om kyrkjevalet på kyrkjevalet.no



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Masfjorden sokn

Kandidatane er oppførte i prioritert rekkefølge.

1. Liv Inger Øydis Trædal  
f.1958. Kringlevegen

2. Rune Garmann  
f.1952. Areklettvegen

3. Atle Nordland  
f.1969. Austfjordvegen

4. Anbjørg Berg Dyrhovden  
f.2000. Matre

5. Hanne-Marit Neverdal  
f.1970. Frøyset

6. Siri Andvik  
f.1996. Andvikvegen

7. Ståle Daae  
f.1965. Indre Haugsdal

8. Stian Søvik  
f.1972. Hostelandslia

9. Anne Kari Mjanger  
f.1961. Austfjordvegen

10. Frank Oppedal  
f.1975. Matre

11. Aina Sleire  
f.1975. Duesundøyna

12. Svein Gunnar Sivertsen,  
f.1961. Skolten

13. Heidi Bjånes Bjørneklett  
f.1993. Matre

14. Svein Atle Næss  
f.1976. Molland

15. Vebjørn Haugsdal  
f.1992. Sandneslia

16. Elin Matre  
f.1965. Hostelandslia

17. Heidi-Elin Kolle Andvik  
f.1971. Sleirsvegen


18. Dag Bjørnar Holmaas  
f.1971. Sleirsvegen

19. Marit Helene Riiisnes  
f.1960. Fensfjordvegen

20. Joakim Andre Fagerheim  
Hindenenes  
f.1989. Duesundøyna

21. Jolaug Haugsvær  
f. 1965. Austfjordvegen

22. Helen Andvik  
f. 1992. Austfjordvegen



QR-kode til  
Kyrkjevalet:



*Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet. Foto: DNK*

# MIN SALME

Folkeskuletida mi var i åra 1955-1962. Salmesong var ein naturleg start og avslutning på skuledagen. Eg har berre gode og glade minne knytta til Nynorsk salmebok og Søråas si songbok. Om enkelte ord og vendingar ikkje var like lette å forstå, kom innhaldet for ein dag seinare i livet. For meg er det godt å vera i kyrkja eller andre forsamlingar og syngja saman, anten flokken er stor eller liten. Men det er ei ekstra god oppleving når møtelyden er stor, og «taket løftar seg» av song!

Når me kan salmar og songar utanboks, kan det vera godt å bruka dei når ein strevar for å få sova, eller er i andre situasjonar der ein berre må venta.



Det er vanskeleg å velja ein salme av dei mange eg er glad i, både av dei eldre og av dei mange gode nyare tekstar. Men mitt val vert den kjende Elias Blix-salmen: «Med Jesus vil eg fara.» Truleg lærte me denne salmen i 4.klasse. Me hadde nok eit visst tal av salmar som skulle lærast kvart år. Eg hugsar at ei klassevenninne og eg gjekk etter vegen og song. Me hadde lært den melodien som er som ein fanfare, ikkje den mollstemte folketonen som no står i salmeboka. Men eg trur me til vanleg brukte den tredje melodien, «den mest vanlege», den er meir enkel og rett fram.

Salmen er ei bøn om å få verta verande i liv og død hjå Han som me vart døypte til. Og Hans namn er ingen ting å skamma seg over; «Det er mi høgste æra, det er mi største ros.» Det er vanskeleg å leva opp til slike store ord, men det er godt at dei er der som eit ideal.

Eldbjørg Mjanger

*1. Med Jesus vil eg fara  
på livsens ferd i lag.  
Gud, lat den samferd vara  
alt til min døyand dag!  
Det er mi høgste æra,  
det er mi største ros  
hans fylgjesvein å vera  
og vandra i hans ljøs.*

*2. Min Jesus, sannings stjerna,  
lys opp min mørke veg!  
Mitt hjarta vil so gjerna  
få fylgja etter deg.  
Du lyser enn i verdi  
som før frå Betlehem.  
Ver du mitt ljøs på ferdi,  
til heim med deg eg kjem!*

*3. Min Jesus, gjævast givnad,  
min eignlut og skatt!  
I all min gang og livnad  
meg støtt for auga statt!  
Som vesle blomen trugen  
ser opp mot sol og dag,  
til deg så vender hugen,  
til deg kvart andedrag*

*4. Min Jesus, Sarons lilja,  
bløm fagert opp i meg!  
Lat ingen ting meg skilja  
og riva burt frå deg!  
Du vintre i Guds hage,  
min kjære Herre Krist,  
unn også meg den lage  
å veksa som din kvist!*

*5. Du til di grein meg sette  
alt i min fyrste vår,  
med livsens dogg meg vætte,  
gav sol og signa år.  
Du vil og vokster gjeva  
alt til min siste slutt:  
Lat meg i deg få leva,  
i deg få anda ut!*

Norsk Salmebok nr. 419

---

# EMBLA PÅ “DE UNGES FESTSPILL”

Det er festspeltid i Bergen og i samband med festivalen inntok kulturskulane i Vestland fylke scena på Torgalmenningen.

Det var dei yngste stjernene frå kulturskulane som var midtpunktet på De unges festspilldag. Dyktige elevar frå kulturskulane tok plass på «Festalmenningen» med varierte kunstneriske innslag. Innslaga varierte i både stil og sjanger, og det vart presentert alt frå rock til klassiske perler, ballett, jazzdans hiphop, teater og mykje, mykje meir. Heile fem timar haldt dei det gåande!

Embla Brown Dyrkollbotn representerte Masfjorden kulturskule.

Embla syng og spelar gitar. Ho er ei jente som elsker å opptre for andre. På Torgalmenningen framførte ho Lovely av Billie Eilish.

- Det var litt skummelt å stå på ei så stor scene, med eit heilt nytt publikum, men det var mest gøy. Eg er godt nøgd med framføringa, sjølv om eg gjorde eit par småfeil. Men trur kanskje det berre var meg som oppdaga dei.



Tekst: Kulturskulen  
Foto: Charlotte Moncrieff- Brown

---

## NYE VEGLYS

Då fylkesveg 570 vart punktvis utvida, fekk me i Nasjonalforeininga for folkehelsa, Kvinge helselag førespurnad om å stå som byggherre for å få veglys frå brua ved Sørkvingevatnet til Kvingo nærbutikk. Dette måtte raskt takast stilling til, då anleggsfolka var på staden og kunne tilretteleggja for det vidare arbeidet.

Hurtigarbeidande styre fatta vedtak om å påta seg dette ansvaret. Lite visste me om at pandemien ville vara, noko som gjorde det vanskeleg å skaffa nok midlar til prosjektet. Takka vera positive innbyggjarar som gav pengegaver, tilskot frå Fylkeskommunen, fysiske trafikksikringsmidlar og god hjelp frå Masfjorden kommune kom me i hamn med prosjektet.

Den offisielle opninga var 29. mars 2023. Me starta med felles kveldsmat for dei frammøtte på «Snikkarbrua». Deretter var det snorklipping ved ordførar Karstein Totland. Kvelden var avslutta med ein felles tur langs det no opplyste vegstykket.

Tekst og foto: Kvinge helselag



# FLOTT VÅRKONSET



**Det var mykje fint å høyra då Fjon musikklag og Askøy brassband inviterte til vårkonsert.**

Masfjordingen Tormod Torsvik Størkersen spelar i Askøy bradssband og inviterte like godt heile bandet til ei helg i Masfjorden. Saman med Fjon musikklag laga dei til ein ordentleg fin konsert på Sandnes skule denne laurdags ettermiddagen i mai. Fjon musikklag opna konserten, og laut finna seg i å bli omtala som oppvarmingsband denne dagen.



Men dei leverte ei flott konsertavdeling, der særleg den gode klangen må framhevast.

Så var det tid for kafé og åresal.

Askøy brassband er blant dei beste brassbanda i landet, og det fekk publikum ein indikasjon på alt frå første tone. Under leining av Svein Henrik Giske presenterte dei eit variert program, med svært høg kvalitet, fleire imponerende solistinnslag og eit repertoar som spente frå Astor Piazzolla til Jan Eggum.



Konserten vart avslutta med ei mektig framføring av John Miles sin Music, der begge korpsa var på scena.

Takk for ein nydeleg flott vårkonsert!

Tekst: Frank Kvinge  
Foto: Renee Kårtveit/ Trine Villanger

---

# JAN EGGUM KJEM TIL MASFJORDEN!

Set av laurdag 5. august! Då kjem sjølvaste Jan Eggum til Masfjorden og vil halda to konsertar i nothuset på Sandnes.

Jan Eggum trivest i dei fleste samanhengar. I stort band, lite band, viseduo, jazztrio, filharmonisk orkester-til og med saman med songkor. Det er likevel noko heilt eige å oppleve Eggum åleine med gitaren, og gjerne i et lite lokale. Det er i slike samanhengar ein verkeleg føler at ein kjem tett på mannen og songane. I 2023 skal Jan og gitaren skal reisa landet rundt med eit repertoar som tar utgangspunkt i mange av dei vakre balladane han har laga. Kva meir kan ein ønska seg?

**Velkommen til ein kveld med ein av landets største artistar!**

Det er lagt ut berre 200 billetter til dei to konsertane kl 1900 og 2115, så her gjeld det å vera raskt ute.

Billetter kjøper du her:

Konsert 1: <https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan-eggum-i-nothuset-paa-masfjordnes>

Konsert 2: <https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan-eggum-i-nothuset-paa-masfjordnes-konsert-2>

Eller du kan scanna QR-koden:

Sandneskaféen har ope frå kl 16 og serverer fiskesuppe og forfriskningar til gjestane.

Arr. Masfjorden kommune/Sommarscena i samarbeid med Sandneskaféen 2728



---

## OPEN SKULE

Tysdag 30. mai inviterte elevar og tilsette ved Sandnes skule føresette, besteforeldre og søsken til «Open skule».

Elevane fekk visa klasseromma sine og noko av det som har blitt arbeidd med dette skuleåret. Det var eit variert innhald som føregjekk samstundes denne ettermiddagen rundt om på skulen. Elevrådet stod i spissen for arrangementet og ønskte velkomen før vi alle kunne vandre omkring. Lytte til foredrag om Ukraina, lytte til ein konsert i musikkrommet eller oppleve rollespel. I kaféen kunne ein mellom anna få kjøpe seg ei velsmakande betasuppe.



*Elevane i 5. klasse i godt og underhaldande samspel*

Ei god øving i viktige kompetansar som samarbeid, kreativitet og kommunikasjon. Relasjonsbygging og viktig påfyll av nye erfaringar og opplevingar vart oss alle til del i vår første «Open skule». Samlinga vart avslutta med ein felles Kahoot i gymsalen.

Takk til elevrådet og deira elevrådskontakt, Åsmund.

Tekst og foto: Britt Rød, rektor



## TRIVELEG SONGSTUND PÅ SJUKEHEIMEN

På sjølvaste frigjeringsdagen vaia flagget ute, og inne var storstova fylt opp med songglade seniorar.

Trubaduren Kurt Hatten frå Alversund var på besøk, og han leia songen med god stemme, og velklingande gitarakkompagnement.

Og publikum song med. Kjende songar som Stein Ove Berg sin Kommer nå, Sandbeck sin Menuett i mai, viser av Josef G. Larssen, Stanley Jacobsen og Jim Reeves, for å nemna noko. Og sjølv var eg med Kurt og framførte Ungkarsvalsen.

Han song og ei sjølvlaga vise som heitte Minner, ei utruleg fin kjærleiksvise. Den må du sjekka ut på Youtube.

Kurt har ei utruleg flott stemme, og han hadde ein lun måte å snakka til publikum på.

Programmet vart fint bunde saman med historiar og morosame skrøner.

-Eg følte det var veldig god stemning på konserten, seier Kurt.- Det var mykje folk, og dei var flinke til å vera med å syngja- og dei tok lett poenga i historiane eg fortalde. Og ikkje minst er det kjekt når så mange møter opp. Nokon har gjort ein god jobb i forkant her.

Det var ikkje vanskeleg å sjå at dette var eit program som fall i smak. Det vart ei ordentleg triveleg stund for dei kring 50 frammøtte på sjukeheimen. Takk for konserten!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Frank Kvinge

---

## TORE LEVERTE

To flotte konsertar vart det i Masfjorden med tidlegare frontfigur i Ole Ivars; Tore Halvorsen. Først på sjukeheimen og deretter i Snikkarbua.

Tore er ein spelemann med stor S. Han har vore «på vegen» sidan han var 13 år, og får abstinensar dersom han har fri nokre dagar. Mellom songane fortalde han om livet sitt og bakgrunnen for songane. Jon Martin Skauge var medspelar på begge konsertane, og utfylte Tore på ein meisterleg måte.

På Snikkarbua fekk publikummar Grethe oppfylt draumen sin om å synga « Jag trodde englarna fanst» saman med den folkekjære artisten.

Det er fint at ein kan få oppleva slike flotte stunder med flotte artistar i vesle Masfjorden.

Tekst: Jo Ronald Mjanger



# MBA-BANDET I STORFORM



Og då lurar du kanskje kva MBA står for? Dette er husbandet til Masfjorden bu- og aktivitetssenter. Og her bur det mange musikkinteresserte og musiserande folk! Kva måndag har me bandøving på Einekavane med Jon Martin frå kulturskulen. Her er det mykje lått og løye, og tidvis tek det heilt av. Av og til er me ute på oppdrag, mellom anna på kulturskulen sine huskonsertar. Den siste konserten hadde me på heimebane og den skal de få høyra litt om no.

Torsdag 13. april. Solskinn ute. Solskinn inne. Læraren vår, Jon Martin, set opp utstyret til konsert på fellesrommet. Avslappa stemning, nei forresten, nokon er nok litt spente. Det sig på med publikum.

Konserten er i gang. Andreas får æra av å opna ballet med to låtar. Stemninga er god. Husbandet følgjer opp med Kaptein Sortebill, Mumidalen, Bonanza, Meet me in Stockholm, Grisen står og hylar, When the stars go blue og fleire til. Det gode humøret frå scena smittar over på alle dei frammøtte. Dei smiler og ler, klappar- og dei syng med.

Dei tilsette på MBA har fleire gongar tulla med at dei skal opptre på konserten. Ein av bebruarane

har heile tida sagt at dei ikkje tør, men no skulle dette motbevisast. Plutseleg står alle dei tilsette på scena. Me høyrer babygråt, og trur du ikkje sjefen sjølv kjem utkledd som baby, sitjande i rullestol (barnevogna var visst for lita!), og så set dei i gang med Bæ, bæ lille lam. Me andre er heilt overraska, og litt flau på dei vaksne sine vegner. Me skjønar ingenting av kva som har gått av dei tilsette. Men dei er faktisk overraskande flinke.

Konserten går mot slutten med Dar kjem dampen som punktum. «Ditta va sørgjele ilt». Altså, at konserten var ferdig, for dette har vore skikkeleg kjekt.

Men heilt slutt er det ikkje. No er det klart for lynlotteri og skikkeleg sunn salatbar. Den fell i god smak hjå dei «fleste». Nokon ser fortvila etter «skikkeleg» mat. Vel, vel.

Til sommaren vert det sommarfest og heilt sikkert ny konsert. Har du sjansen - ta turen då vel!

Tekst: Jo Ronald Mjanger  
Foto: Ernestas Janciauskas

## 17. MAI-FRUKOST



Sandnes skulemusikk har i alle år hatt som 17.mai-tradisjon å spela for bygdefolk og tilreisande ulike stader i bygda på morgonkvisten. Dei siste åra har spelinga på Kvinge vore utanfor nærbutikken.

I år hadde Nasjonalforeininga for folkehelsa, Kvinge helselag invitert dei som hadde lyst og høve til ein felles frukost, som start på nasjonaldagen, etter spelinga. Skulemusikken gledde dei om lag 70 frammøtte med kjende nasjonale tonar, som gav oss kjensle av takksemd for fridommen me har.



Skulemusikken drog så vidare nordover for å gleda andre her på Sørsida. Me opna så dørene for dei vél 60 påmelde inn på «Snikkarbua», der borda var pynta og maten var klar.

Frukosten vart opna med at alle song: «Fagert er landet». Folk kosa seg med god mat, og godt fellesskap.

På storskjermen i lokalet kunne ein følgja med på NRK 1 si sending, frå fleire delar av landet.

Frukosten vart avslutta med nasjonalsongen, og med ei forventning om at 17.mai-frukost i Snikkarbua kan verta ein tradisjon.

Tekst og foto: Kvinge helselag

# FILMPREMIERE FOR FULLT HUS

Solheim grendahus var fylt til randen og rundt 200 forventningsfulle kinogjengarar var innom dørene då det onsdag kveld var klart for førpremiere på familiefilmen «Birk og Magna- gruvens mørke hemmelighet». Store deler av filmen er spelt inn ulike stader i Indre Masfjorden.

Filmen fortel historia om to tenåringer som kjem på sporet av ein miljøforbrytelse i forsøket på å løysa sine eigne personlege gåter.

Det var heilt tydeleg at filmen fall i smak hjå publikum, med ein svært spanande og dramatisk slutt. Og så var det stas å oppleva scener som var filma i kjende nærmiljø og i vakker natur.

Filmskaparen heiter Christer Steffensen og kjem frå Frekhaug. Dette er hans første spelefilm. Saman med produsent Sivert Kalvø Harang var han med på premieren.- Dette var heilt utruleg kjekt å oppleva! Tenk at så mange kom og var med på før-premieren, det er nesten ikkje til å tru. Og for eit kakebord!

Ja, for etter filmframsyninga vart det invitert til kakefest. Bak i salen var det dekket eit stort kakebord som gode krefter hadde stelt i stand, og det vart nok til alle sjølv om det kom langt fleire på premieren enn arrangøren i sin villaste fantasi hadde rekna med.

Ordførar Karstein Totland gratulerte filmskaparane og overrekte blomar frå kommunen. Ei nedleggingstruga turlagshytte står sentralt i filmen, og då passa det godt at Jane Britt Daae frå turlaget delte ut eit familiegåvekort til bruk på ei av turlagshyttene til Nordhordland turlag. Den heldige vinnaren var bursdagsbarnet Emil August.

Filmskarar Christer Steffensen takka og Fjon fjellkyrkje ved Knut Fredrik Sørheim for at dei har kunne nytta fjellkyrkja som base under innspelingane.- Utan dette samarbeidet hadde det aldri blitt nokon film, sa Steffensen.

Filmen er på kino frå 9. juni.



Tekst: Frank Kvinge  
Foto: Sivert Kalvø Harang

# SPLEIS TIL KRAKOW



Songkoret Spleis frå Masfjorden hadde ein flott tur til Krakow 26.-29.05.23.

Vi var eit reisefylgje på 26 personar; 24 kormedlemmer, dirigent Kjersti Wiik og pianist Åse Hagesæter.

Turen var planlagt i samarbeid med kortur.no/TravelMaker AS. Reiseselskapet hadde gjort godt arbeid, slik at alt gjekk «på skinner» og vi hadde ein svært vellukka tur.

Vi reise frå Flesland fredag 26.mai om morgonen. Guiden vår, Maciej Kraskiewicz, møtte oss på flyplassen og fylgde oss til Wyspianski Hotel. Hotellet låg svært sentralt til, var reint og fint, hadde god mat og hyggelege tilsette, så opphaldet der var upåklageleg. Om ettermiddagen hadde vi ein guida gå-tur i Krakow med Maciej – ein fantastisk guide som med kunnskap og humor fortalte om byen og mykje meir.

Laurdag føremiddag var til eigen disposisjon før vi møttes til oppvarming og øving før

kyrkjekonsert kl. 16.00 i Holy Heart of Jesus Basilica.

Det blei ein fin konsert, der koret framføre eit variert program og fekk varm applaus frå publikum. Dirigenten vår, Kjersti Wiik, framførte fleire vakre solonummer som rørte tilhøyrarane, Gro Sandnes og Elise Molde song Panis Angelicus i vakker duett og Åse Hagesæter var stødig og god på piano. Det vart ein flott konsert i ei flott kyrkje!

Søndag besøkte vi saltgruvene – ei stor oppleving både for dei som hadde vore der tidlegare og dei som var der for første gang. Også her vart vi guida på ein framifrå måte av Maciej. Besøket i gruvene vart toppa med minikonsert i kapellet – ei oppleving vi vil huske lenge!

Måndag var det dessverre tid for heimreise – det er utruleg kor fort tida går når vi har det kjekt! Gode opplevingar i ein flott by gjorde dette til ein minnerik tur for oss alle.

Tekst: Liv Oda Dale

# 4H-LEIR

Helga 2.-4 juni inviterte Fjordglimt 4H til distriktsleir på Matre.

Det er ikkje lett å finna "ledige" helger i desse tider, så ikkje alle klubbane var representerte. Me vart omlag 50 deltakarar frå klubbane Ungbjørka 4H, Marås4H, Team Flatøy 4H og Fjordlimt 4H. Me var kjempeheldige med været, ingen nedbør og lite mygg! Ein god kombinasjon når ein snakkar om leir.

Etter at telt, lavoar og hengekøyer var kome på plass fredag fekk alle middag. Resten av kvelden var det leik og moro, og ikkje minst kiosk, heilt til "strengte vakter" jaga dei til ro kl 22.30. I enkelte telt drøya det nok litt før hodelykter slokna og kviskring og fnising slutta, nett slik det skal vera!



Laurdagen starta med ein god frukost, før borna vart fordelt i grupper på ulike aktivitetar. Her sto valga mellom: Fotball, sjøfiske og mat på bål, pilfletting med Lise, moro ved Haugsværvatnet der det var kanoar, fisking, eventyrskog og frisbeegolf, eller ein kunne delta på flettekurs med influensaren "flettemamma" som var på besøk. Borna fekk velja to aktivitetar, ein før og ein etter lunch. Den planlagde fellesturen til Hestefjellet seinare på dagen, vart spontant bytta ut med fellestur på Våganeset med bading, etter



ynskje frå borna. Dei fleste syntest det var godt med eit avkjølande bad i sola, sjølv om temperaturen i sjøen tilsa at me vaksne heldt oss trygt på land. Tøffe born!



Etter middag var det igjen tid for open kiosk og fri leik. Her vart det både volleyball, lengdehopp, "nøtt eller sannheit", fotball, sjakk og anna.

Kjempekjekt å sjå at borna kosa seg ilag på tvers av klubbane! Å vera på leir kan slita ut nokon å ein kvar, så protestane på leggetid kl 23 denne kvelden var ikkje like høge.



Etter ein sein frukost søndag var det pakking og heimreise. For nokre var dette første telt- tur, for andre første overnatting utan familie. Men berre smilande fjes å sjå! For ein gjeng! Me håpar og trur at borna sit at med gode minner og opplevingar!

Me i Fjordglimt 4H ynskjer og takka Norva 24 Birkeland, Spar Hosteland, Eviny, Nortura, Toro og Tine som alle velvillig støtta leiren vår! Dykkar støtte bidrog til gode opplevingar, og at alle Fjordglimt 4H sine medlemmer kunne delta på leiren utan å betala leiravgift. Når me veit at økonomi er ei utfordring for fleire i dagens samfunn, er det ekstra kjekt å kunna tilby ei helg på leir for medlemmene våre! Må og takka dei foreldra som bidrog på ulike vakter!

Tekst og foto: Laila Furebotn

I arbeidet med saksutgreiinga for tildeling av kulturvernmidlar kom denne teksten/søknaden kommunen i hende. Me synest teksten fortener større merksemd enn berre i ei kommunal saksutgreiing, og har etter avtale med søkar fått løyve til å tilpassa teksten for bruk i Masfjordingen.

Frank Kvinge, Masfjorden kommune

# ALBERT VIL RESTAURERA GEITESTØL TIL BRUK FOR DAGSTURHYTTE

-Eg har ordna på gamle seterhus gjennom heile mitt vaksne liv, ja før det, seier Albert Kjetland. No vil han restaurera Dalesetra til bruk for dagsturhytte.

## Albert fortel:

«Dalesetra ligg i Kjetlandsdalen, om lag 2 km frå innmark og andre bygningar på gardsnr 56, bnr 1. Den opphavlege tømmerstova er svært gamal og tente som vårstøl for garden før buskapen kom seg til fjells. Rundt setra var det frå gammalt uteslåttar og uteløer for lagring av høy som vart drege heim på slede om vinteren. Det er grunn til å tru at slåttefolk også overnatta på setra så dei ikkje trong gå heilt heim om kvelden. Me veit at setra var i bruk heilt frå tidleg på 1800-talet. Oldefar min døydde i dette huset natta etter at han skamslo seg, då han fylgde med ei høybør på ein løypestreng ned i Dalen 27.august 1895.



## Ingen luksus

I slutten av 1920-åra bygde far min Albert og bror hans Sigurd opp ein bra avansert geitestøl her: Tilbygg til gamlesetra for ostekoking og mjølkestell. Geitefjøs med bås plass til 150 geiter, og osterøre som vart driven av vasskraft frå elva. Her sov tre ungdommar, to budeier og gjetaren, i lag på eit trongt loft, dei få timane av døgeret dei ikkje arbeidde. Slik levde dei i fem månader kvar sommar og haust, i mange år. Ingen luksus med andre ord. Kanskje hadde geitene det meir romsleg enn folka som stelte dei? Etter som stølen mangla veg, måtte det meste av transporten til og frå setra gå på hesteryggen, forutan det som gardsfolka og tenestefolka på stølen bar med seg.

## Viktig osteproduksjon

Å driva geitesti på ein veglaus støl var såleis eit strevsamt liv. Men geitene var kanskje likevel det alternativet som gav mest løn for strevet. I ei vanskeleg mellomkrigstid var det såleis geitehaldet og osteproduksjonen som berga mange. Og i krigsåra auka både etterspurnaden og prisen, trass i all kontroll. Ved

slutten av krigen var det difor mange geitesti på støl berre i Haugsdalen. Dessutan produserte dei ost for sal heime på garden både på Haukeland, i Bjørnekletten og på Foshaug. Slik var det på mange gardar i Masfjorden, utan at eg har fullt oversyn.

Men ein gong var masfjordgeitosten ei kjend «kvalitetsmerkevare» for mange og Masfjorden kunne i mange år kallast ei geitebygd.

I Kjetlandsdalen gjekk seterdrifta veldig bra lenge, heilt til både far og bror hans døydde brått og uventa etter ei ulukke og av sjukdom med mindre enn eitt års mellomrom, begge i sine beste år.

## Forfall

Mor prøvde å driva geitestiet vidare nokre år etter tragedien. Seinare vart setra og beiteretten leigt bort nokre år. Siste året med geitesti i Dalen var i 1946 då folk frå bruk 4 i Indre Haugsdal dreiv.

Seinare vart det slutt med seterdrifta både i Dalen og andre stader. Då eg etter kvart, i altfor ung alder, fekk ansvaret for bruket her, kom mangelen på vedlikehald gjennom mange år alvorleg til syne. Den store geiteflore fall i grus etter nokre år, og seterstova fekk tett tak fyrst i 1956. Då hadde lekkasje i nevertaket alt gjort stor skade. Også tilbygget der dei kokte osten hadde teke mykje skade og vart like godt teke ned.

## No står setra i Dalen att

Eg har ordna på gamle seterhus gjennom heile mitt vaksne liv, ja før det. Då eg som ten-åring byrja å bera måling og kledning til fjells hadde eg tre setrar som skulle takast vare på. Av det fjerde stod berre grunnane att. Mykje vart øydelagt, men med god hjelp har også noko blitt berga. Setrane på Fonnhaugen og Kupa er godt sette i stand, og murane ved Svartevatnet har fått nye hus.

No står setra i Dalen att. Det blir nok mitt siste prosjekt og det ville vera ei skam å forlata Dalesetra slik ho står no. Så mykje historie er knytt til denne staden, både historia til mi slekt og ikkje minst kulturhistoria frå den tida geitene og stølslivet betydde så mykje for så mange i Masfjorden.

## Nye tider

Difor er det viktig for meg å berga setra som eit verdifullt kulturminne og overlata det til glede og nytte for nye slekter. Ein stad der dei kan både vera og læra.

For no er det andre tider i Kjetlandsdalen, der mine forfedre gjekk med kløvhesten. Vegen som far min og bestefar sakna og drøymde om ligg der ferdig no, med bru over elva. Og me ser alt no at mange har teke han i bruk. Siste ostekjelen er nok kokt i Dalen. Men eg vonar setra framleis kan koma til nytte som eit naturleg mål for ture der vandrarar kan stiga inn, finna ly når dei treng det, for å eta si niste. Medan dei kanskje undrast og prøver å forstå kva krav og vilkår ungdomar møtte her for 80 år sidan. Her gjekk dei, arbeidde dei, og her budde dei igjennom ein uendeleg strevsam straum av dagar. Der alle dagar var kvardag, heilt til folk og dyr flytte heim.»

Albert Kjetland

## STOR DUGNADSVILJE

Då oppgraderinga av Granneheimen på Sør- Kvingo var avslutta, vart bygdefolk og andre som har tilknytning til bygdene frå Einestrand til Mjanger kalla inn til vaskedugnad.

Me i styret for Granneheimen var spente på om dette var noko me ville få respons på. Stor var gleda då den eine etter den andre melde seg på dugnaden, og ville gjera ein innsats. Det er ei stor vitamininnsprøytning å oppleva ei slik positiv tilbakemelding, der ein ser folk stiller opp når dei vert spurde. Tredve personar fordelte arbeidet med vask av heile huset, frå loft til kjellar. På dei knappe hundre åra Granneheimen har eksistert var det første gongen taket i hovudsalen vart vaska. Her var det sett opp stilas, for å kunne nå opp, og dei utan høgdeskrekk fekk oppgåva med å vaska taket. Arbeidet vart gjennomført på ei veke.

No luktar det nyvaska og godt i heile huset. Det er viktig å ta vare på dugnadsånden i bygdene våre. Om alle bidreg med litt, vil me få til mykje, auka samholdet og skapa glede i fellesskapet.

Takk til alle dei som bidrog til å gjera ein forskjell for bygda!

Helsing styret i Granneheimen  
v/Gro Marit Kvinge Tande



# MASFJORDNES PENSJONISTLAG PÅ OPPDAGINGSFERD HJÅ NABOANE I NORD

Tysdag 23. mai om morgonen starta 15 pensjonistar frå Sørsida på ein to-dagarstur litt utanfor allfarveg i Sogn og Fjordane. Det er fleire år sidan sist pensjonistlaget hadde vore på overnattings-tur, og tur-komiteen hadde funne ut at ein liten rundtur i Sogn og Sunnfjord kunne vera ein god start. I lettskyta ver, men ikkje nokon sommartemperatur gjekk turen langs E39 nordover til Sande i Sunnfjord. Den tid E39 gjekk gjennom Sande sentrum, var dette eit knutepunkt, men den nye vegen går ikkje innom Sande, så her stoppar berre dei som har ærend hit. Og det hadde me denne gongen: me skulle henta mat til den fyrste matpausen. Det har vore masfjordingar før på Sande, i alle fall står der ein brakkerigg med logoen til Birkeland Entreprenør. Dette firmaet har det siste året arbeidd med utbetring av E39 nordover, mellom anna ein ny tunnel. Den nye vegen skal opnast til jul i år.

Me la turen langs fv 610 mot Gaularfjellet. Denne vegen har status som nasjonal turistveg, og fylket har fått pengar til mellom anna å byggja rasteplassar langs vegen. Me hadde planlagt eit utandørs måltid på rasteplassen ved Hestad kapell, ei lita kyrkje frå 1805. Men her heldt dei akkurat på å setja rasteplassen i stand til sesongen, så matpausen vart ikkje slik me hadde tenkt. Vegen over Gaularfjellet til Sogn var det fleire som ikkje hadde køyrt før. Me forlet Masfjorden med grønne bakkar og grøn skog, men ved «Utsikten» på Gaularfjellet var det 6 grader, is på vatna og store snøfenner i vegkanten. Det blir ei stund før bøndene kan senda sauene til fjells. Enno hadde ikkje bjørka fått lauv.

På «Utsikten» der nedstiginga tek til, er det òg bygd rasteplass med toalett. Alle som tek turen over fjellet, må ut på den luftige «Utsikten» for å bli fotografert og for å sjå kor bratt terreng vegen går i. Vegen over Gaularfjellet var ferdig i 1938 og var i mange år den viktigaste sambindingsvegen mellom Sogn og Sunnfjord. Vegen går opp i 748 m over havet, og det er bratt og svingete før du kjem ned til sjøen att i Vetlefjorden. Ein av deltakarane hadde i si tid gått realskulen i Balestrand og kunne fortelja om den gongen bussen miste bremsene på veg ned og berre ei snarrådig handling frå sjåføren hindra dei i å ta snarvegen ned! Det er ei oppleving som sit i enno.



Balestrand baud på sommar og sol. Me åt lunsj på Kviknes hotell og fekk tid til å sjå oss om i sentrum før me reiste vidare mot ferja i Dragsvik. Balestrand har i 150 år vore ei turistbygd, og det ser ein på alle dei fine villaene frå rundt 1900. Det var her Keiser Wilhelm var på ferie sommaren 1914 og fekk melding om at det som skulle bli 1. verdenskrigen hadde brote ut. Me køyrde òg forbi Balestrand hotell, men «Kjartan Lauritzen» såg me ikkje noko til. Balestrand kommune eksisterer ikkje lenger, det som før var Balestrand, er no ein del av Sogndal kommune.

Frå Hella køyrde me strake vegen til Sogndal, og etter ein liten pause der vende me nasen mot Fjærland. Både Bokbyen og Bremuseet var stengt sidan det lei så langt på dag, så det får me ta ein annan gong. Siste etappe var frå Fjærland til Skei. Der tok me inn på Skei hotell, som på same måten som Kviknes hotell i Balestrand, var eit resultat av turisttrafikken frå rundt år 1900. Hotellet er ombygd og påbygd fleire gonger, også som resultat av brann.

Ei av deltakarane på turen er frå Jølster, og ho fortalde oss gammalt og nytt om bygda, både geografi og folkeliv. Det resulterte i at reisefølgje fekk lyst til å sjå Stardalen, ein av dei dalane som går heilt inn til Jostedalsbreen. Masfjordingane vart mållause då dalen opna

---

seg og me køyrde gjennom eit landbruksområde som må vera av dei største på Vestlandet. Flate bøar på 100 dekar og meir i eit stykke er noko annleis enn det som me er vane med.

Neste morgon gjekk turen vidare til Astrup-tunet på Jølster sørside, som heller ikkje alle hadde besøkt før. Der heldt dei på å gjera klart til sommarsesongen som skulle starta neste dag, og me fekk ei god omvising med sjefen for museet. Nokre av dei mest kjende bileta til Astrup er utstilte der.

Meir kunst vart det for somme etter at me hadde ete lunsj på Sunnfjord hotell i Førde. I Sogn og Fjordane kunstmuseum er det nemleg også ei Astrup-utstilling denne sommaren. For dei som

hadde fått nok kunst, var det etter lunsj tid til det som eine reiseleiaren kalla «fri leik», det vil seia ein times handlerunde i Førde. Dagen hadde starta med grått ver, men i Førde fekk me besøk av sola, og ho følgde oss resten av dagen.

På ferjekaia på Sandnes takka me for laget og reiste heim. Sjøføren vår, Aina Sleire, fekk velfortente blomar og gode ord av reisefølgje. Dyktig, tenestevillig og hjelpsam er ord som passar på henne. Ho har ein stor del av æra for at denne turen vart så vellukka frå start til mål. Også reiseleiarane fekk blome for vel utført arbeid.

Alf Strand

---

## PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA PÅ BUSSTUR SØRLANDET RUNDT

Gjennom turoperatøren Risdal Touring kontakta Bjarte leiaren i laget og inviterte oss på tur Sørlandet rundt. Bjarte vaks opp på Sleire og som vaksen flytta han til Sørlandet. I 19 år har han arbeidd som turbussjåfør i inn- og utland.

Invitasjonen til Sørlandsturen vart godt motteken, og 29 pensjonistar meldte seg på turen. Resten av plassane i 50 setersbussen tok reiseselskapet seg av.

Måndag 22. mai om morgonen stod 24 forventningsfulle turfolk på ferjekaien i Duesund då bussen kom rullande. Bjarte helsa alle velkomen til tur. Sjølv om det var mange år sidan han hadde sett oss, kjende han alle namna, forsikra han oss. Ein lang køyredag med Morgedal som dagens mål, venta oss.

Turen gjekk over med kabelferja og vidare langs Austfjorden til Knarvik, Åsane og Bergen der fleire av turdeltakarane samt guide vart plukka opp. I Arna og på Trengereid steig dei siste i reisefølge om bord. Guiden for turen heitte Ingrid Ådlandsvik Telle frå Askøy. Med hytte ved Storevatnet kjende ho såleis litt til Masfjorden

Ved Bjørkheim i Samnanger var første kaffipause. Nytrekt kaffi servert av sjåfør og guide, og beinstrekk gjorde godt. Så gjekk turen over Kvamskogen med snø i liene og musøyre på bjørketrea, ned mot Norheimsund og ut til Tørvikbygd. Ingen sure miner om ferja måtte gå

utan oss grunna sprengstofftransport. Ventetida vart nytta til ein god prat i småbåthamna. Frå Jondal bar det gjennom Jondalstunellen og på smale vegar langs Maurangerfjorden, gjennom Folgefonntunellen til Odda. Der fekk sjåføren kviletida si og me andre ein god lunsjpause. Så bar det vidare mot aust. Ved Låtefossen vart Øystein Sunde sin song om "dansen i campingvogn" spelt medan me nytte synet av den mektige fossen. Veg- og tunellarbeid gjorde reisetida lenger enn normalt på denne strekkja. Med stengd tunell vart gamlevegen brukt med ledebil. Her fekk me sjå den verkelege oppstigninga i svingar oppå fjellet med snødekte vidder. Lite minna det om den grøne våren på våre kantar.

Ved Haukelisetter var det tid for ny kaffipause. Veret skifta no frå strålende sol i vest til gråver og etterkvart skikkeleg høleregner di lengre aust me kom. Litt forseinka svinga bussen av til Morgedal hotell der ein trerettars middag og ei god seng venta.

Morgedal museum er rett ved hotellet me budde på. Litt lengre oppe i lia ligg stova Sondre Nordheim budde i, men det vart ikkje at me besøkte desse stadane, denne gongen. Tysdag gjekk turen til Kviteseid, gjennom den vakre bygda Vrådalen og vidare langs det lange Nisservatn. Ved Treungen som ligg i enden av

vatnet, var det tid for ein kaffitår og is, før bussen rulla vidare mot «Palmekysten».

Sola var no med oss sørover og det grønkast meir og meir i liene. Og for den samferdselsinteresserte var det mykje godt vegarbeid å glede seg over!

At sjåføren var lokalkjend i Grimstad og Arendal var det ingen tvil om. Han snirkla bussen fram gjennom dei trange gatene med gamle sørlandshus på både sider. I Grimstad var det tid for dagens lunsj.

Turen vidare til Arendal gjekk etter gamle E 18. Sjåføren guida oss langs «Palmekysten» sine lune vikar med kvite sørlandshus og fine skjærgard. Etter ei lita omvisning med buss i byen fekk me nokre timar til eigen disposisjon. Nokre tok Glasheisen, byens attraksjon, og fekk der eit flott utsyn over byen og leia utanfor.

Så var det tid for å samlast til middag i det gamle Arendal fengsel, som no heiter Fengselhotell. Fleire av cellene står som dei har gjort, og vert brukt til undervisningsføremål blant anna for ungdommar. Andre celler er gjort om til hotellrom.


Dagleg leiar hadde sjølv vore innsett i fengselet. Etter middagen tok han oss med på omvisning, der me fekk sjå glattceller, andre fengselceller og luftegardar. Det var ei tankevekkande oppleving. Så var tid for siste bussetappe denne dagen. Etter halvannen times køyretur på nye E 18 var me framme ved målet, Mandal hotell.

Neste dag, onsdag, fekk me føremiddagen «fri», før me tok turen til Lindesnes fyr. Dagleg leiar i Lindesnes trekkspeklubb guida oss frå Vigeland og utover. I bygda Vigeland var mange av hagane pryda med skulpturar. Kanskje ikkje så rart når me veit at Gustav Vigeland kom herifrå.

Lindesnes ligg så langt sør i landet me kan komme, ved havstykket Skagerrak. Me var heldige som fekk oppleve Lindesnes i sol og nesten vindstille. Her kunne me gå opp i sjølve fyrtårnet som er i bruk i dag, eller bort til det gamle fyret. Kikke inn i bunkersane frå krigens dagar, eller sjå film eller ulike utstillingar.

Tilbake på Vigeland vart det konsert med 20 musikarar frå Lindesnes trekkspeklubb som underheldt oss i lokala sine i halvannen time. Mange hadde gledd seg ekstra til denne delen av turen, og dei vart ikkje skuffa. Den fengande musikken lokka fleire utpå dansegolvet! Etter konserten rusla me bort til eit selskapslokale like ved der me fekk servert god middag.

Vel tilbake i Mandal valde fleire å nytte kvelden til å sjå meir av byen.



Så var me komne til torsdag, siste turdag og den lange reisa heim. Turen gjekk langs kysten, der me svinga nett innom Egersund. Vidare tok me den ytre vegen over Jæren med drivhus i hopetal og flate fine bøar. Heilt ulikt det me er vane med her heime! I Haugesund var det tid for middag. Raspeball-buffeten som venta oss der, takka ingen nei til.

Undersjøiske tunellar, bruer og ferjer gjorde heimturen variert, spennande og interessant.

I Bergen gjekk dei første av bussen, og det var difor naturleg å takka for turen. Takk til den kunnskapsrike guiden Ingrid! Takk til trivelege og disiplinerte turdeltakarar! Og ikkje minst takk til Bjarte, den stødige sjåføren vår, som med ein kjapp replikk og glimt i auga skapte lått og løye i bussen! Alle var med og gjorde sitt til at det var ein god atmosfære på heile turen.

Takk til turnemnda ved Alvhild Ynnesdal og Aase Areklett for fire fine dagar med mange inntrykk og opplevingar!

Turen kan anbefalast!

Referent: Ivar Haukeland,  
leiar i Pensjonistforbundet Nordbygd

---

# FLOTT TILTAK



Her ein laurdag var eg på Open scene på Sandneskaféen. På Open scene kan du melde deg på med eit innslag som du ønskjer å framføra for dei andre som er der.

Denne gongen sto eit husband bestående av Henning Hodne Mjanger, Arild Haugsvær, Brynjar Mjanger Eide og Åsmund Kvinge klare til å akkompagnera oss som ville dela eit musikkinnslag. Eg melde meg på i siste liten og framførte Bjørn Eidsvåg sin Shalala, med god allsongstøtte frå salen. Det var mange som deltok, så programmet varte i over to timar. Det var utruleg mykje fint å høyra, men særleg må eg få lov til å nemna Isak. Saman med bandet framførte han to Bruce Springsteen-låtar, og måten han gjorde dette på var så gjennomført.



Me fekk og oppleve felespel denne kvelden, og det var Siri Andvik som sto for dette. Ho er i mammapermisjon, og har bestemt seg for å læra seg eit instrument medan ho er heime frå jobb.


Saman med bandet framførte ho Sjå sole av Staut, og jammen greidde ho dette og!

Ei stor takk til arrangørane med Åsmund i spissen. Utruleg kjekt at de lagar til slike kveldar, og at kulturkaféen består.

Tekst: Jo Ronald Mjanger  
Foto: Frank Kvinge

---

# DAGLAND KJEM TIL SNIKKARBUA



Dette kan du gleda deg til!

Dagland er soloprojektet til Dag Atle Håland. Han har vore bakmann i mange band som Cajun Gumbo, Rune Hauge, Takes two to Tango, Heimalanne, Rune Walle band, Texasos, Berith m.m.

Intensjonen med prosjektet, og plata Round & Round, er å la skandinavisk folkemusikk møte Americana. Med stor lyd og spelemannslagtilnærming. Glitrande musikarar som leikar med iøyrefallende tema.

Bandet består av Bergen sine beste rootsmusikarar: Aksel Fjæra -bass, vokal / Morten Bergstrøm - trommer / Øivind Hjørnevåg: --bouzouki, mandolin, tenorgitar, vokal / Dag Atle Håland:- vokal, div. gitarer, munnspeil / Halstein Gåsemyr: fele, vokal/ Edward Vincent: ak.gitar, vokal / Espen Lothe Hareide: el. Gitar  
Gjest: Marielle Woll: vokal

Velkommen i Snikkarbua  
laurdag 12. august kl 20.

Billett kjøper du her:  
<https://snikkarbua.hoopla.no/sales/event/dagland>  
eller scan QR-koden:



---

# VEGEN TIL DAGSTURHYTTA ER FERDIG

**Endeleg kan ein ta i bruk turvegen til dagsturhytta!**

Sidan hytta vart opna i desember 2020 har ein kunne nytta dei tre stiane frå parkeringsplassen på Bakken som fører fram til hytta. Og svært mange har nytta tilbodet.

Sidan den gong har det skjedd store ting når det gjeld ytterlegare tilrettelegging:

## **Universell tilkomst**

Det er no mogeleg å følgja 1,4 km grusa veg frå parkeringsplassen på Bakken og heilt fram til hytta. Parkeringsplassen er romsleg med plass til mange bilar. Dei første 500 metrane av turvegen går på grusa traktorveg, deretter 0,9 km på grusa veg med breidde på om lag to meter. Første del av vegen er i tilnærma flatt terreng. På sistedelen av turen går vegen slakt nedover mot hytta. Like før hytta deler vegen seg i to der den eine vegen fører til flytebrygga. Slik kan dei som er dårlege til beins eller treng rullestol også nå hytta sjøvegen.

Frå parkeringsplassen på Bakken har Kvinge grendalag bygd 1 km universelt tilrettelagt turveg i motsett retning, over Stien og fram til fylkesvegen ved Brubakken. Her er det laga ein liten parkeringsplass med plass til om lag fem bilar. Store delar av turvegen har veglys som





skruer seg på automatisk når turgåarar passerer i mørketida. Vel ein å starta turen til dagsturhytta ved Brubakken og over Stien vil ein på vegen dit oppleve mykje vakker natur i ulike landskapstypar. Returen kan alternativt gå på den kommunale vegen frå parkeringsplassen på Bakken, gjennom høge og trange Kalberget, forbi dampskipskaien og gammalt naustmiljø og vidare langs elva mot Brubakken.

#### **Stiar**

Frå hovudparkeringa på Bakken følgjer ein først traktorvegen. Om lag halvvegs deler vegen seg i tre der du kan velja om du vil ta den universelle vegen, stien over Flena eller stien gjennom Skarhellerdalen fram til hytta. Ønskjer du ein litt lengre tur er stien rundt neset eit flott alternativ. Denne stien startar ved båthamna, like nedanfor parkeringsplassen til dagsturhytta, og følgjer vågen og fjorden heilt til Skarhellerdalen. Parkeringsplassen ved båthamna er privat. Respektér elles tilvist parkering.

Frå turvegen over Stien kan ein og gå inn på stiane rundt Erhovden og Ospedalshaugane. Dette er enkle stiar utan særskild opparbeiding.

Arbeidet med universell veg fram til dagsturhytta er flott utført av Frode Haugsvær maskin. I tillegg har dugnadskrefter frå Kvinge grendalag gjort ein stor innsats med tilrettelegging og oppfølging både før, under og etter entreprenørarbeidet. Tiltaket får kr 720 000 i spelemidlar. Turvegen over Stien er det Kvinge grendalag som har bygd. Dette tiltaket har fått kr 600 000 i spelemidlar i tillegg til kr 400 000 frå Gjensidigestiftinga.

I skrivande stund gjenstår berre litt smårydding langs traséane før anlegget er heilt ferdig.

**Skuleklassar, barnehagar, lag og organisasjonar, familiar, vennegjengar, ung, gammal:  
Legg turen til dagsturhytta og det idylliske området rundt hytta!**

**Masfjorden kommune ynskjer ALLE velkomne til dagsturhytta!**

#### **-Dette var flott!**


Like før 17. mai tok Jo Ronald Mjanger søndagstur til dagsturhytta.- Dette var fantastisk! Den nye vegen er heilt topp, og det går veldig fint å gå med elektrisk rullestol heilt fram til hytta, og inn på hytta.

- Det var så fint både i og utanfor hytta, og at det er tilrettelagt for rullestol er utruleg bra - og viktig. No kan hytta brukast av alle!

Sjå kartet på neste side.

Tekst og foto: Frank Kvinge, Masfjorden kommune





# PLAN FOR FRILUFTSLIVET SINE FERDSELSÅRER

I desember 2022 vedtok Masfjorden kommune plan for friluftslivet sine ferdselsårer. Planen gjev oversikt over viktige ferdselsårer for friluftslivet i kommunen. Dei om lag 60 turrutene som er teke med i planen har ein kome fram til i dialog med fjelltrimgruppene/idrettslaga i kommunen. Masfjorden idrettsråd har og vore med i denne prosessen. I kartlegginga har ein vurdert tilstanden til ferdselsårene, kva som er gjort av tilrettelegging og tilretteleggingsbehov for dei ulike ferdselsårene.

Dei aller fleste tiltaka i handlingsdelen er avhengige av at frivillige ønskjer å ta på seg arbeidet med oppgradering av løypenettet for at det skal bli utført. No er idrettslaga og fjelltrimgruppene i gang med å førebu utbetringar på stiane, skilting og merking. Gjengen på Einekavane lagar markørar som skal nyttast til merking. Skilta blir bestilt frå eit firma i Stryn. Målet er at ein kvart år skal utbeta minst fem turruter i kvart av dei tre bygdelaga. Tiltaka vert gjort i god dialog med kommunen og det vert løyvd tilskot til frivillige som ønskjer å bidra til tilrettelegging av ferdselsårer. Tiltak i planen er avhengig av løyve frå grunneigar.

I større tilretteleggingstiltak er det naturleg at kommunen tek på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot.



Dette gjeld også der kommunen er eigar av turvegar eller andre friluftslivsanelegg.

«Plan for friluftslivet sine ferdselsårer i Masfjorden» har status som temaplan, og vil vera eit kunnskapsgrunnlag for «Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv», og skal rullerast samstundes med handlingsplanen der, kvar haust.

Tekst: Frank Kvinge, fagleiar kultur  
Foto: Åshild Krige

## FRÅ HAV TIL FJELL I NORDHORDLAND - - EIT MUSIKKTEATER BASERT PÅ VISENE TIL ARNE HØYLAND

### Hald av fredag 15. september!

Arne Høyland er godt kjend for dei fleste i Masfjorden som ein framifrå kulturformidlar.

For nokre år sidan fekk han Masfjorden kommune sin kulturpris for arbeidet sitt med å dokumentere og formidle kulturen i grendene våre.

Arne har også skrive mange viser med utgangspunkt i dette, og til hausten vil Nordhordland musikkteater ha ei framsyning med eit knippe av visene hans, og gjennomføre ein turné med denne i distriktet vårt.

15. september vert det framføring i Nordbygda samfunnshus, Risnes. Ein kan alt no sikre billetter til denne framsyninga via denne lenkja eller ved å skanna QR-koden.

<https://nordhordlandmusikkteater.ticketco.events/no/nb>

Skal ein døme etter merksemda dette prosjektet har fått andre stader, er det ikkje sikkert at ein bør vente for lenge med å sikre seg billett.

Tekst: Rune Garmann



# ARBEIDSLIVSFAG VED NORDBYGDA SKULE

I dei siste åra har Nordbygda skule hatt arbeidslivsfag som eit tilbod til valfag. Elevane får ei vekentleg økt med arbeidserfaring i ulike lokale verksemdar innanfor handel- og service, industri, jordbruk og husdyrhald, bygg, helse og oppvekst. Dette har me sett gir ringverknad som val for vidare utdanning, oppstart av elevbedrifter og tilbod om sommarjobb o.l. Ein ser stor nytte og meining i samarbeidet mellom skulen og bedriftene, særleg i å gje ungdommen moglegheit til å kjenne seg nyttige og oppleve meistring utanfor klasserommet og i samfunnet.

Tekst: Liv Torsvik Myrvollen, Nordbygda skule

Her er nokre glimt frå arbeidslivsfaget:



Henriette og Siri har vore i hyggelege lokaler hjå FletteKristine Frisør på Hosteland.



Håvard har loggført arbeidet med bilete og tekst. Her har han byta koplingar frå gamal til ny pumpe hjå Norva i Sløvågen



Marknadsføring av elevbedrifta ga utslag: Patrick, Ådne, Iver og Henrik her ved sitt fyrste oppdrag hjå Frøyset gardsmat. Etterpå vanka det nydelege lammeburgarar på gjengen.  
- Sebastian og Yaroslav mangla denne dagen.



Alida og Guro har vore på ulike avdelingar barnhagen. Høg aktivitet slik det skal vere i ein barnehage, her er det teikning som går føre seg.



Joachim, Nathaniel, Olai, Kaspar Andreas, Solveig og Mathilde har hatt ulike oppdrag på Ollevollane gard / Solvang gardsmat. Elles har dei òg hatt arbeid på sjukeheimen eller stått for kantine på skulen.



Innimellom kan arbeidet blir litt annleis enn forventa. For personalet på sjukeheimen og på skulen var det godt å få hjelp med å grave fram bilane ved det store snøfallet tysdag 28.03.



Elles i vår har Ben Jonas hatt arbeidsoppdraget sitt på Masfjorden aktivitetssenter, Emil på Reknes Byggevarer, Kacper på Østerbø maskin, Johannes og Ådne på sjukeheimen, Isak hjå entreprenør A. Birkeland og på kjøkkenet på sjukeheimen, og Arve, Troy og David på utedag med småskulen. Elevane gjer ein flott innsats og får gode skussmål frå verksemdene.

---

# BOKSMAKING

Skulebiblioteket og folkebiblioteket i Masfjorden, har eit tett og godt samarbeid. Me vil at biblioteket skal vera triveleg, nyttig, interessant og "levande" for små og store. Då har me også ulike aktivitetar både i skuletid, og opningstid av folkebiblioteket.



I det siste har me prøvd eit opplegg, som kan samanliknast med det som fagspråket kallar litteratursirkel. Dette har me knytt opp til elevgrupper på skulen. Me har då invitert inn elevar til ei «boksmaking». Då har me bøker for ein kvar smak. Det kan vera til dømes vera teikneseriar, krim, fakta, magasin eller romanar.

Alle vert ynskt velkomne, og får eit asjett med ei bok liggande på. Elevane les fem minutt i boka, før dei rullerer vidare. I mellomtida kan dei ta seg litt forfriskingar, frå ei enkel servering.

Me samtalar rundt bøkene elevane og bibliotekar har lese i. Det er kjekt å høyra kva ulike tekstar elevane likar, kva bøker som interesserer dei, eller ikkje. Det er ei fin stund til å verta kjend med ulike lesarar, forfattarar, og ulik litteratur. Timen går fort, og ein kan låna aktuelle bøker, når måltidet er avslutta.

Nokon er mette, og andre umettelege...  
Du er alltid velkommen innom biblioteket du også!

Silje Vågseth Kjetland og Andrea Horgen Kvinge

---

# MOMSKOMPENSASJON TIL LAGA

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordele i overkant av 2 milliardar kroner i momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar i 2023. Denne ordninga skal fremje frivillig aktivitet, gjennom å kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar hat hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Det er ope for søknader og søknadsfristen er 1. september.

Frivillige organisasjonar som er [registrerte i Frivilligregisteret](#) kan søke på ordninga. Frivillig innsats må vere ein viktig del av verksemda som det vert søkt om kompensasjon for. Alle mottakarar av momskompensasjon må vere registrerte i Frivilligregisteret innan 1. september 2023. Dette gjeld også dei som søker via sitt sentralledd. Hugs at registrering kan ta litt tid.

Merk: Sentralledd har eigne fristar for rapportering frå underledda sine. Sjå den aktuelle organisasjonen sine nettsider, eller ta kontakt med sentralleddet for meir informasjon.

Det kan søkast etter to modellar: Forenkla modell og dokumentert modell. Minstegrensa for å søke etter forenkla modell er 100 000 kr i søknadsgrunnlag, og etter dokumentert modell er det 7 000 i faktiske meirverdiavgiftskostnader. Grensene gjeld ikkje for underledd.

De finn informasjon om ordninga og søknadsskjema på nettsida vår: Her ligg også informasjon om oppdateringar de må vite om i 2023.

Tekst: Lotteri- og stiftelsestilsynet

## Tidlegrøysting frå 1. juli til og med 9. august

I samband med kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 vert det høve til å tidlegrøyste frå 1. juli og fram til den ordinær førehandsrøystinga startar 10. august. Røystestad og – tidspunkt vert på kommunehuset mellom kl. 09:00-15:00. Det må leggest fram godkjent legitimasjon før ein får høve til å røyste.

Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å røyste innafor ordinær førehandsrøystingsperiode eller på valtinget. Dei som ønskjer å tidlegrøyste, må ta kontakt med kommunen på telefon 5616 6200 og avtale tidspunkt.

## Utlegging av manntalet til offentleg ettersyn

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 må du stå i manntalet. Du kan finne ut om du står i manntalet i Masfjorden kommune ved å kontrollere manntalslistene som vert lagt ut til offentlig ettersyn så snart som mogeleg etter 30. juni (skjæringsdato for manntalet). Manntalslistene ligg ute til og med 08. september.

## Manntalet vert lagt ut på desse stadane:

**Hosteland røystekrins:** Nordbygda senter, biblioteket og sjukeheimen

**Masfjordnes røystekrins:** Kommunehuset, butikkane på Andvik og Kvingo

**Matre røystekrins:** Biblioteket og butikken på Haugvær

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslistene, det er andre feil i listene eller du står oppført i feil krets, kan krav om retting (med grunngjeving) sendast skriftleg til valstyret i Masfjorden kommune, [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no) eller Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes.

Melder du flytting etter 30. juni, må du kontrollere manntalet - og røyste – i den kommunen du flytta frå.

Valstyret har godkjent fylgjande listeforslag:

- Arbeidarpartiet
- Framstegspartiet
- Høgre
- Senterpartiet
- Venstre



# Kommune- og fylkestingsval 2023

## Førehandsrøysting:

Kommunehuset	10.aug. - 8.september	09:00 – 15:00
Biblioteket på Matre	torsdag 31. august	13:00 – 18:30
Sjukeheimen	tysdag 5.september	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 5.september	13:00 – 19:00
Butikken på Hosteland	fredag 8.september	12:00 – 18:00
Butikken på Kvingo	fredag 8.september	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 8.september	12:00 – 18:00

Ambulerande røysting etter avtale.

## På valdagen 11. september 2023 held Masfjorden kommune valting på følgjande stader:

Hosteland røystekrins	Nordbygda skule
Masfjordnes røystekrins	Kommunehuset
Matre røystekrins	Matre skule

**Opningstida for valting vert frå kl. 11:00 til kl. 18:00**

**Hugs legitimasjon!**

Meir informasjon finn du på [val.no](http://val.no)

# GODKJENDE LISTER TIL KOMMUNEVALET



## Arbeidarpartiet

Kommunestyrevalet 2023 i Masfjorden

1. **Torill Torsvik Størkersen**, f. 1968, Hosteland
2. **Ragnvald Tangedal**, f. 1960, Hosteland
3. **Mariann Fløtre Andvik**, f. 1990, Masfjordnes
4. **Endre Tynning Nystrand**, f. 1977, Hosteland
5. **Marit Bjånes Bjørneklett**, f. 1996, Matredal
6. **Bjørn Rune Kvinge**, f. 1952, Masfjordnes
7. **Bente Sissel Pilskog**, f. 1955, Hosteland
8. **Terje Hafsås**, f. 1976, Hosteland
9. **Renee Kårtveit**, f. 1977, Masfjordnes
10. **Britt Inger Myhr**, f. 1974, Masfjordnes
11. **Miriam Standnes Haugen**, f. 1996, Haugsvær
12. **Aina Sleire**, f. 1975, Hosteland
13. **Birger Alias Wergeland**, f. 1953, Hosteland
14. **Merete Myhr Hope**, f. 1993, Masfjordnes
15. **Liv Dyregrov**, f. 1956, Hosteland



## Høgre

Kommunestyrevalet 2023 i Masfjorden

1. **Erlend Kvamsdal**, f. 1982, Areklettvegen
2. **Kariann Ekren**, f. 1986, Kvingo
3. **Bjarte Moncrieff-Dyrkolbotn**, f. 1975, Matre
4. **Helga Nyhavn Matre**, f. 1989, Indre Haugsdal
5. **Bjarte Andvik**, f. 1965, Sandnesstykket
6. **Ivar Sleire Tenjum**, f. 2001, Sleirsvegen
7. **Sigrun Haugsdal Reknes**, f. 1984, Areklettvegen
8. **Atle Nordland**, f. 1969, Austfjordvegen
9. **Tina Korsøen Fjellby**, f. 1990, Skolten
10. **Marit Grimslund**, f. 1993, Solheimsneset
11. **Gunnar Andvik**, f. 1959, Andvikvegen
12. **Marita Sylta Birkeland**, f. 1986, Rekneset
13. **Arne Hindenes**, f. 1958, Austfjordvegen
14. **Gunnveig Reidun Molland**, f. 1975, Areklettvegen
15. **Henning Atle Fredriksen**, f. 1963, Sleirsvegen
16. **Veronika Hjartholm**, f. 1980, Matre
17. **Torleif Matre**, f. 1983, Træet, Hosteland
18. **Hege Charlotte Oppedal**, f. 1983, Ynnesdalsvegen
19. **Vebjørn Haugsdal**, f. 1992, Sandneslia
20. **Vidar Kvamsdal**, f. 1969, Kvamsdalen
21. **Eva Cecilie Erichsen Hansen**, f. 1980, Areklettvegen
22. **John Torgeir Torsvik**, f. 1961, Fensfjordvegen



## Framstegspartiet

Kommunestyrevalet 2023 i Masfjorden

1. **Olav Ørjan Daae**, f. 1969, Hosteland
2. **Torstein Myrvang-Rørvik**, f. 1985, Hosteland
3. **Svein Bjarte Fredheim**, f. 1965, Masfjordnes
4. **Janne-Judith Kvamsdal Sandnes**, f. 1972, Haugsvær
5. **Inge Borge**, f. 1983, Hosteland
6. **Jørgen Myrvang-Rørvik**, f. 2003, Hosteland
7. **Bjørn Steinar Lie**, f. 1956, Masfjordnes
8. **Tom Rune Daae**, f. 1972, Hosteland
9. **Per Kåre Larsen**, f. 1954, Hosteland



## Senterpartiet

Kommunestyrevalet 2023 i Masfjorden

1. **Geir Egil Haugsvær**, f. 1965
2. **Rigmor Søvik**, f. 1974
3. **Laila Furebotn**, f. 1984
4. **Tone Vågseth**, f. 1981
5. **Stian Søvik**, f. 1972
6. **Ståle Daae**, f. 1965
7. **Siv Helene Haveland Næss**, f. 1981
8. **Lars Elling Haugsvær**, f. 1965
9. **Eva Langøy Kvamsdal**, f. 1962
10. **Ivar Håkon Haukeland**, f. 1947
11. **Heidi Langøy Romarheim**, f. 1961
12. **Jan Olav Fosse**, f. 1965
13. **Erik Andreas Riisnes**, f. 1956
14. **Bjørn Egil Nordland**, f. 1971
15. **Hans Magne Haukeland**, f. 1958



## Venstre

Kommunestyrevalet 2023 i Masfjorden

1. **Tove Kristin Sleire Tistel**, f. 1971
2. **Pia Yvonne Jakobsen**, f. 1991
3. **Marianne Ulvatn**, f. 1971
4. **Jarle Haugsvær**, f. 1964
5. **Kristine Johanne Sleire Tistel**, f. 2004
6. **Britt Elisabeth Nordland**, f. 1966
7. **Leif Inge Fagervik**, f. 1964
8. **Kristian Skjelanger Kvinge**, f. 1990
9. **Jon Martin Skauge**, f. 1982
10. **Sigrun Karin Kjetland Andvik**, f. 1971
11. **Alf Magnar Strand**, f. 1953

# HELS PÅ DEN NYE FRIVILLIGKOORDINATOREN

2.mai mai starta den nytilsette frivilligkoordinatoren opp arbeidet sitt i kommunen. Ho heiter Kristin Kvamme Rasch.

Kristin er oppvaksen i Furnes, og bur i dag i Furneset i Gulen. Ho er 43 år, gift og har 2 born.

## **-Kvifor søkte du på denne stillinga?**

Eg har jobba som frivilligkoordinator i nabokommunen Gulen, to dagar i veka. Eg såg viktigheita med frivilligkoordinatorstillinga i kommunen. Dette er ei samfunnsbyggjande stilling der ein skal ha fokus på samarbeid og vere bindeledd mellom innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og kommunale tenester for å oppnå eit inkluderande lokalsamfunn i kommunen med glede, samhold og fellesskap.

Masfjorden søkte etter 100 % frivilligkoordinator, og det høyrdest veldig spennande ut å få jobbe med dette kvar dag. Masfjorden kommune hadde og allereie gjort ein flott jobb med dialogmøte med lag og organisasjonar, og viste at dei ville satse på denne stillinga.

## **-Kva utdanning har du?**


Som barne- og ungdomsarbeidar jobba eg mange år med born og ungdom. Eg har utdanning innan kontor og administrasjon, så har jobba dei siste åra innan løn og personal.

## **-Kva eigenskapar vil du seia kjenneteiknar deg?**

Eg er glad i å møte menneske og komme i dialog med dei. Veit ikkje om det er ein eigenskap, men eg er opptatt av at vi skal ha eit samfunn rundt oss som skal vere kjekt og trygt å bu i, i alle aldrar. Eg likar å samarbeide med dei rundt meg og jobbe i team. Eg liker at det skjer litt, men det må ikkje bli så mykje at ein ikkje greier å lande prosjekta.

## **-Kva er inntrykket av din nye arbeidsstad så langt?**

Som kommunal frivilligkoordinator har eg fått helst på mange hyggelege kollegaer i dei ulike tenestene. Eg har på ein måte frivillige som mine «kollegaer» og. Eg har vore på



nokre samlingar med frivillige og eg må seia at eg er imponert over alt dei gjer. Det er mykje god frivilligheit i Masfjorden.

## **- Kva tankar gjer du deg om arbeidsoppgåvene?**

Som sagt ser eg det er mykje flott frivilligheit i Masfjorden som fungerer veldig bra. Eg som frivilligkoordinator skal vere ei støtte og hjelp for lag og organisasjonar og eit bindeledd mellom frivilligheita og kommunen.

I den tida vi lever i no er frivilligheita viktigare enn nokon gong. Frivilligheita er limet i samfunnet vårt og er avgjerande for at kvar enkelt av oss opplever tilhøyrsløse i kvardagen. Vi bur i eit samfunn som er i stadig endring og vi ser at mellom anna helsetilbodet kan bli ei stor utfordring framover i heile Norge. Eg håpar vi kan få til eit samarbeid mellom tenestene våre i kommunen og frivilligheita for å sikre oss eit inkluderande lokalsamfunn i Masfjorden med glede, samhold og fellesskap.

Ei aktiv fritid for barn og unge er noko som er viktig å ha som satsingsområde; inspirere til ungdomsmedverknad og inkluderande aktivitetar for born og unge.

## **-Kva likar du å gjera når du ikkje er på jobb?**

Eg er heldig og har familie og venner rundt meg der eg bur. Eg er over snittet sosial, så seier sjeldan nei til ei tur langs vegen, ein fjelltur eller berre ein kaffikopp. Liker å jobbe med prosjekt i hagen, men der strekk ikkje alltid tida til. Har mann og to gutar som er veldig interesserte i motorsport, så det går nokre helger med køyring til ulike motorbaner rundt om i Norge. Eg er medlem i fleire lag, så dugnadsarbeid blir også ein del av fritida.

Masfjorden kommune helsar velkomen og ønskjer lukke til i arbeidet.

Tekst: Frank Kvinge, foto: Mary Hope

---

# NY FASTLEGE OG NY JORDMOR



*Fastlege Marita Bru*

Frå 1. juni 2023 er det tilsett **ny fastlege ved Masfjorden legekontor. Marita Bru** vil då overta lista over dei som no står utan fastlege. Dette vil seie at alle som står på denne lista vil få Marita Bru som fastlege frå 1. juni 2023.

Frå 1. juni vil Rolf Martin Tande redusere lista si. Det vil seie at nokon av hans pasientar vil bli overført til Marita Bru. Sidan flytting av pasientar skjer via ein automatisert prosess med tilfeldig uttrekk i Helfo sine system, kan verken Masfjorden kommune, din noverande fastlege eller Helfo på førehand svare på kven som blir overført til ny fastlege.

Når fastlegebytte blir gjennomført vil du få eit brev frå Helfo med informasjon om din nye fastlege. Fastlegebytte trer i kraft 01.06.23, og du må rekne med at informasjonen kjem tett opp til denne dato.

Dersom du er usikker på kva fastlegeliste du tilhøyrer kan du finne informasjonen ved å logga inn på Helsenorge.no.



*Jordmor Sylwia Helland Alver*

Om du har fastlege ved eit anna legekontor er det viktig at du nyttar den. Fastlegen er den som har best informasjon om deg, og kan utøve best mogleg hjelp for deg.

For dei som ikkje har fastlege ved kontoret og oppheldt seg i kommunen, hjelper Masfjorden legekontor ved akutt behov for helsehjelp.

Valborg Nes sluttar som jordmor i Masfjorden etter 10 år.

Me takkar for god innsats! Ho jobbar i kommunen ut juni 2023.

**Me har tilsett ny jordmor, Sylvia Helland Alver**, frå juli 2023. Jordmortilbodet vil difor vere uendra. Det vil vere jordmor ved Masfjorden legekontor som vanleg kvar onsdag, med unntak av ferieavvikling.

Tekst: Ida Eide, leiar helseavdelinga

# KULTURAKTIVITETAR I MASFJORDEN SOMMAREN 2023

## **TYSDAG 13. JUNI**

**FORTELJINGAR I SKULESTOVA** Lovisa Midtbø fortel.  
Musikk ved Fotefar. Omvising m.m. Enkel servering. Fri entré.  
Arrangementet er i Sleire skulemuseum kl 1630.  
Arr. Pensjonistrådet i Utdanningsforbundet/Masfjorden  
kommune

## **LAURDAG 24. JUNI**

**MIDTSOMMARDANS I SOLHEIM GREDAHUS**  
Success Duo spelar opp frå kl 21. Arr. Solheim grendahus

## **LAURDAG 1. JULI**

### **SOMMARFEST, SANDNESKAFÉEN**

Kving&Queens spelar opp. Arr. Sandneskaféen 2728  
Kjøp billett her: [https://sandneskafeen2728.hoopla.no/sales/event/3431150676?fbclid=IwAR3LCwSr5IUoncLjYp\\_L0KxtY7vngHqZsi0QUdKmdzWVLGxChm-TqTe\\_gg](https://sandneskafeen2728.hoopla.no/sales/event/3431150676?fbclid=IwAR3LCwSr5IUoncLjYp_L0KxtY7vngHqZsi0QUdKmdzWVLGxChm-TqTe_gg)

### **CONTICI I SNIKKARBUA,**

Kvingo kl 21. Arrangør er Snikkarbua kafé og pub. Billett i døra,  
eller her: <https://snikkarbua.hoopla.no/sales/event/contiki>

## **SØNDAG 2. JULI**

### **OPNING AV SOMMARUTSTILLING**

Bunadsutstilling. Bunadsgåva etter Aslaug Molland Takvam.  
Kirsti Areklett og Aase S. Areklett stiller ut vevarbeid.  
Berit Lygre stiller ut teikningar og tekstilarbeid. Kulturprogram.  
Kvamsdals farger, Masfjordnes kl 15  
Arr. Sommarscena/Masfjorden kommune

## **LAURDAG 8. JULI**

### **MASFJORD-SPRINTEN**

Sandnes skule frå kl 11. Arr. Fjon UIL

## **LAURDAG 5. AUGUST**

### **NOTHUSKONSERTAR MED JAN EGGUM**

11 år har gått sidan Eggum gjesta Nothuset med herlege  
solokonsertar.

No er det klart for to nye konsertar. Nothuset, Masfjordnes  
kl 19.00 og 21.15.

Kun 200 billettar. Kjøp billettar her:

**Konsert 1:** [https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan\\_eggum\\_i\\_nothuset\\_paa\\_masfjordnes](https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan_eggum_i_nothuset_paa_masfjordnes)

**Konsert 2:** [https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan\\_eggum\\_i\\_nothuset\\_paa\\_masfjordnes\\_konsert\\_2](https://masfjordenkommune.ticketco.events/no/nb/e/jan_eggum_i_nothuset_paa_masfjordnes_konsert_2)

Sandneskaféen 2728 open frå kl 16.

Arr. Sommarscena i samarbeid med Sandneskaféen 2728

## **LAURDAG 12 AUGUST**

**DRIVE IN- KINO:** Nordbygda senter. Arr. Country-kaféen

## **LAURDAG 12. AUGUST**

### **KONSERT MED DAGLAND**

«Amerikansk country møter nordisk folkemusikk».

Snikkarbua Kvingo kl 21

Kjøp billett her: <https://snikkarbua.hoopla.no/sales/event/dagland>

Arr. Snikkarbua kafé og pub i samarbeid med Sommarscena/  
Masfjorden kommune

## **SØNDAG 13. AUGUST**

### **KULTURPROGRAM I KVAMSDALS FARGERI**

Mette Marei Træland m. feire

Kvamsdals farger kl 15. Arr. Sommarscena/Masfjorden kommune

## **LAURDAG 19. AUGUST**

### **KONSERT «BØN FOR FRED»**

Amalie Hvidsten Duesund, Astrid Hoffmann Tollås og Rune Alver.  
Solheim kyrkje kl 19. Arr. Sommarscena/Masfjorden kommune

## **SØNDAG 20. AUGUST**

**BJØRN WEST-MARSJEN:** Kort og lang løype.

### **Kulturprogram ved fjellstova:**

14.30: Minikonsert Amalie Hvidsten Duesund,

Astrid Hoffmann Tollås og Rune Alver

15.15: Friluftsgudsteneste

16.00: Minneseremoni

Arr. BW-marsjen/Masfjorden kommune

## **LØRDAG 26. AUGUST**

### **MOTBAKKELOPET «ØVREDALEN OPP»**

Arr. Bjørn West IL

## **SØNDAG 27. AUGUST**

### **KULTURPROGRAM I KVAMSDALS FARGERI**

Siste opningsdag for

sommarutstillinga. Kvamsdals farger

kl 15. Arr. Sommarscena/Masfjorden kommune.

## **SOMMARUTSTILLING I KVAMSDALS FARGERI**

Bunadsutstilling. Bunadsgåva etter Aslaug Molland Takvam

Kirsti Areklett og Aase S. Areklett stiller ut vevarbeid

Berit Lygre stiller ut teikningar og tekstilarbeid

Kvamsdals farger, Masfjordnes

Opningstider: 2. juli: kl 15-17.

9. juli, 6. august, 13. august, 20. august, 27. august: kl 14-17

# BUNADSGÅVE BLIR UTSTILLING

I fjor takka Masfjorden kommune ja til å ta imot bunadsgåve frå etterkomarane etter Aslaug Molland Takvam.

Aslaug la ned eit stort arbeid med rekonstruksjon av Masfjordbunaden.

Samlinga omfattar trøyer, liv, bringedukar, skjorter, forkle, hovudplagg, strømper, band mm.

Då kommunen tok imot gåva var det med lovnad om å ta godt vare på samlinga.

I mai starta difor arbeidet med å laga bunadsutstilling. Kirsti Areklett, Aase S. Areklett, Berit Lygre og Mary Hope har teke på seg dette arbeidet, og 2. juli kl 15 vert det invitert til utstillingsopning i Kvamsdals fargeriet.

I tillegg til bunadsutstillinga vil veggane i fargeriet også vera pryda av vevarbeida til Kirsti og Aase, og Berit sine portrett-teikningar.

Utstillingsopninga vil innehalda ein minikonsert med Johanne Mjøs(feler) og ..... ( toradar), det vert markering v/ordførar, og enkel servering.

Utstillinga vil vera open

- 2. juli kl 15-17
- 9. juli, 6. august, 13. august, 20.august, 27. august kl 14-17 og elles etter avtale 97061230

13. og 27. august vil det og vera kulturprogram i fargeriet. Sjå eiga annonsering.

Tekst og foto:

Frank Kvinge, Masfjorden kommune




*Arbeidsgruppa i konsentrert arbeid med å sortera ut kva som skal vera med i utstillinga.*

## BORGARLEG VIGSLE

05.04.2022 Jane Britt Daae og Kjell Ove Torseth





## FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending**

**10 dagar etter fristane:**

**14. sept. - 14. nov.**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

*God sommar!*

## KONTAKTINFORMASJON

### TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00

Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

## ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)  
[sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

[eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no)  
[tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no)

Formgjeving: Mary Hope

## KONTAKTINFORMASJON

### TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61

e-post: [post@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:post@kyrkjaimasfjorden.no)

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

epost [kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no)

Sokneprest: Torbjørn Sæle

Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685

e-post: [torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no)

Trusopplærer:

Tina Meland Corneliussen

Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071

e-post:

[tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no)

Konfirmantarbeidar:

Ingrid Helene Raunehaug

Tlf.: 416 10 191

e-post:

[ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no)

Organist:

Boris Kuprijanov

Tlf. 920 60 993

e-post: [kuprbor@gmail.com](mailto:kuprbor@gmail.com)

Kyrkjegardsarbeidar:

Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)

Vipps Masfjorden sokn: 620513